



# ÅRSMELDING 2014

Banken sitt 169. rekneskapsår



VIK SPAREBANK


**INNHALD:**

Hovudtrekk i rekneskapen for år 2014	Side	3
Årsmelding 2014	”	4
Bankåret 2014– rammevilkår og drift	”	
Kort om den generelle økonomiske utviklinga	”	
Kort om tilhøva i lokalmarknaden	”	
Samfunnsansvar	”	6
Renteutvikling	”	8
Låneauke	”	
Innskotsauke	”	
Strategisk samarbeid i Eika Gruppen AS	”	
Vik Sparebank på «APP og nett»	”	9
Resultatrekneskapen – overskot på 10,3 mill. kroner før skatt	”	
Disponering av overskotet	”	10
Risikoeksponeringa til banken – finansiell risiko		
Kredittrisiko		
Renterisiko	”	11
Valutarisiko		
Likviditetsrisiko		
Personale – Arbeidsmiljø	”	12
Vegen vidare		
Takk til kundar, tillitsvalde og tilsette	”	13
RESULTATREKNESKAP	”	14
BALANSEREKNESKAP	”	15
Kontantstraumanalyse	”	16
Generelle rekneskapsprinsipp		
NOTAR TIL ÅRSREKNESKAPEN 2014	”	19
Note 1. Tapsføring av engasjement/misleghaldne lån		
Note 2. Finansiell risiko	”	22
Note 3. Gebyr og provisjonar m.v.		
Note 4. Opplysningar vedrørande tilsette og tillitsvalde	”	23
Note 5. Spesifikasjon av ihendehavarobligasjonar og sertifikat		
Note 6. Spesifikasjon av aksjar, grunnfondsbevis og andelar pr. 31.12.14	”	25
Note 7. Avskrivningar	”	26
Note 8. Pensjonsforplikting		
Note 9. Resterande løpetid på diverse eignelutar og gjeldspostar	”	27
Note 10. Garantiar og pantsetjingar		
Note 11. Bankenes Sikringsfond		
Note 12. Kapitaldekning		
Note 13. Skatt	”	29
Note 14. Gjeld til kredittinstitusjonar og kundar		
Note 15. Endring i egenkapitalen		
REVISJONSMELDING FOR 2014	”	30
ÅRSMELDINGA FRÅ KONTROLLKOMITEEN I VIK SPAREBANK FOR 2014	”	32

**169.  
DRIFTSÅR  
SOM  
SJØLVSTENDIG  
BANK I VIK  
KOMMUNE**



**Utvikling i  
forvaltningskapital 31.12**  
(i mill. kroner)



*Vik Sparebank er ei viktig finansieringskjelde, støttespelar og vekstfaktor for lokalsamfunnet.*

*Les meir om oss:  
[www.viksparebank.no](http://www.viksparebank.no)*

**VIK SPAREBANK - 169. DRIFTSÅR**

**HOVUDTREKK I REKNESKAPEN FOR ÅR 2014**

Forvaltningskapitalen auka med 77 mill. til 1.168 mill. kroner (+ 7,1%).

Innskot frå kundar auka med 73 mill. til 955 mill. kroner (+ 8,3%).

Utlån til kundar auka med 22 mill. til 819 mill. kroner (+ 2,8%).

Våre lån gjennom Eika Boligkreditt AS er redusert med 2 mill. (- 1,3%) til 119 mill. kroner.

Samla utlån i eigen balanse og gjennom Eika Boligkreditt AS hadde ein mindre oppgang med 20 mill. (+ 2,2%) til 938 mill. kroner i fjor.

Resultatet av den ordinære drifta vart på 10,3 mill. kroner mot 10,8 mill. kroner året før. I snitt av forvaltningskapitalen utgjer dette 0,91% i 2014 mot 1,02% i fjor.

Året er prega av reduserte samla driftskostnader, kursvinst anleggsaksjar i samband sal av Nets, kurstap obligasjonar og redusert inntening på rentefonda dei siste månadane av året.

Eigenkapitalen 31.12.14 på 136,3 mill. kroner er auke frå 129,2 mill. kroner. Dette utgjer 11,67% av forvaltningskapitalen mot 11,84% i året før.

Kapitaldekninga til banken var 20,4% den 31.12.14, medan det nye kravet frå styresmaktene er på 13,5%.

	2010	2011	2012	2013	2014
Netto renteinntekter (eks. sikringsfond)	18.692	20.207	19.169	19.980	20.294
Andre driftsinntekter	6.051	5.034	7.083	11.817	8.731
<b>Rente-/andre driftsinntekter</b>	<b>24.743</b>	<b>25.241</b>	<b>26.251</b>	<b>31.797</b>	<b>29.026</b>
Driftskostnader bruttoført *	-13.831	-17.908	-18.415	-19.790	-19.556
<b>Driftsresultat før tap på utlån</b>	<b>10.912</b>	<b>7.333</b>	<b>7.836</b>	<b>12.007</b>	<b>9.469</b>
Tap på utlån og garantiar	-500	-96	-1	5	-615
Vinst/tap verdipapir som er anleggsmidlar	804	0	-1.386	-1.226	1.423
<b>Resultat ordinær drift</b>	<b>11.216</b>	<b>7.237</b>	<b>6.450</b>	<b>10.787</b>	<b>10.277</b>
Skatt	-3.016	-2.637	-2.450	-3.337	-2.377
<b>Overskot</b>	<b>8.200</b>	<b>4.600</b>	<b>4.000</b>	<b>7.450</b>	<b>7.900</b>
Resultat ordinær drift etter tap					
eksklusiv tap/vinst på verdipapir	10.367	8.890	6.828	11.751	8.985

	2010	2011	2012	2013	2014
Netto renteinntekter (eks. sikringsfond)	2,02 %	2,05 %	1,86 %	1,88 %	1,80 %
Andre driftsinntekter	0,65 %	0,51 %	0,69 %	1,11 %	0,77 %
<b>Rente-/andre driftsinntekter</b>	<b>2,67 %</b>	<b>2,56 %</b>	<b>2,55 %</b>	<b>2,99 %</b>	<b>2,57 %</b>
Driftskostnader bruttoført *	-1,50 %	-1,82 %	-1,79 %	-1,86 %	-1,73 %
<b>Driftsresultat før tap på utlån</b>	<b>1,18 %</b>	<b>0,74 %</b>	<b>0,76 %</b>	<b>1,13 %</b>	<b>0,84 %</b>
Tap på utlån og garantiar	-0,05 %	-0,01 %	0,00 %	0,00 %	-0,05 %
Vinst på verdipapir som er anleggsmidlar	0,09 %	0,00 %	-0,13 %	-0,12 %	0,13 %
<b>Resultat ordinær drift</b>	<b>1,21 %</b>	<b>0,73 %</b>	<b>0,63 %</b>	<b>1,02 %</b>	<b>0,91 %</b>
Skatt	-0,33 %	-0,27 %	-0,24 %	-0,31 %	-0,21 %
<b>Overskot</b>	<b>0,89 %</b>	<b>0,47 %</b>	<b>0,39 %</b>	<b>0,70 %</b>	<b>0,70 %</b>
Resultat ordinær drift etter tap					
eksklusiv tap/vinst på verdipapir	1,12 %	0,90 %	0,66 %	1,11 %	0,80 %

Diverse nøkkeltal	2010	2011	2012	2013	2014
Brutto utlån til kundar	765,4	803,5	866,8	797,1	819,0
+ Utlån gjennom Eika Boligkreditt as	23,6	28,6	61,6	120,1	118,6
= Samla utlån	789,0	832,1	928,4	917,2	937,6
Innskot frå kundar	794,4	872,9	822,8	882,1	955,1
Eigenkapital	115,1	119,1	122,5	129,2	136,3
Forvaltningskapital	941,0	1029,3	1032,8	1091,0	1168,2
Tal årsverk inkl. vaktm./eigedom	14,7	14,1	14,5	14,7	13,8
Kapitaldekning	19,4 %	18,9 %	19,2 %	20,1 %	20,4 %
Eigenkapitalrentab. (e/ skatt/tap)	7,4 %	4,1 %	3,3 %	6,0 %	6,1 %
Kostnader i % av inntekter **					
(eksklusiv vinst/tap verdipapir).	56,0 %	66,6 %	69,20 %	60,4 %	70,5 %

\* Driftskostnader bruttoført er inkl. avgift sikringsfondet og kostnader med betalingsformidlinga

\*\* Kostnadene med utleigebygga er med i tal

## ÅRSMELDING 2014

### Banken sitt 169. rekneskapsår

#### Bankåret 2014 – rammevilkår og drift

Styret i Vik Sparebank har gleda av å leggja fram rekneskapen for 2014.

Som lokalbank er utviklinga til Vik Sparebank nær knytt opp til dei økonomiske tilhøva i kommunen og den generelle økonomiske utviklinga i landet.

Vik Sparebank har hovudmarknaden i eigen kommune, likevel er 37% av alle kundar busette utanfor kommunen og står for 39% av banken sine totale utlån i eigen balanse. For låna vi har formidla gjennom Eika Boligkreditt AS er 69% av låna til kundar som bur utanfor kommunen.

- **Eika Forsikring AS** er Noregs femte største forsikringsselskap og leverar eit breitt spekter skade- og personforsikringsprodukt gjennom bankane.
- **Eika Finans og Kredittbank AS** produserar kort- og salspantprodukt som debet- og kredittkort og leasing og salspantlån.
- **Eika Forvaltning AS** leverar fondsprodukt for personkundar og bankane.
- **Eika Aktiv Eiendomsmeistring AS** er landsdekkande med meklarkjeda Aktiv Eiendomsmeistring.
- **Eika Boligkreditt AS** Selskapet har ein forvaltningskapital på omlag 81 milliardar og er med sin tilgang til den internasjonale marknaden for obligasjonar med *fortrimnsrett* (OMF) ei viktig fundingkjelda for lokalbankane si bustadlånportefølje.

#### Kort om den generelle økonomiske utviklinga

Norsk økonomi voks som normalt i fjor, med om lag uendra arbeidsledigheit og ein prisvekst på 2,0 pst. Dei viktigaste endringane i norsk økonomi mot slutten av fjoråret var det dramatiske fallet i råoljeprisene og svaret på dette sjokket, omlegginga av norsk pengepolitikk i ein meir aktiv og ekspansiv retning. Endringar som gir norsk økonomi langsiktige utfordringar.

Lønnsveksten forventar ein vart i overkant av 3 pst i fjor. Sysselsettinga i Noreg auka med 20 000 frå 3. kvartal 2013, til same kvartal i 2014.

Kredittveksten steig gjennom det meste av fjoråret med ein vekstrate på 5,2 - 5,4 pst, drevet i hovudsak av hushaldningane si sterke gjeldsoppbygging. Bustadprisane gjekk opp med 2,7 pst det siste året i fylje bustadindeksen til Statistisk Sentralbyrå. Størst stigning var det i hovudstadsområdet og Nord-Norge. Svakast var det i Stavangerregionen.

Ved utgangen av året var det stor usikkerheit om vegen vidare for veksten til norsk økonomi. Størst usikkerheit er knytte det seg til utviklinga i oljebransjen, og eventuelle ringverknader av denne utviklinga. Det er venta i tida framover at nedgangen i oljepris vil bli motverka av rentekutt, og ein meir ekspansiv finanspolitikk.

Noregs Bank kutta sine renter med eit kvart prosentpoeng i sitt siste rentemøte i 2014. Kronekursen svekka seg i gjennomsnitt med 7,4 pst målt i handelsvægde termar frå desember 2013 til same månad i fjor. I løpet av fjoråret steig Oslo Børs med 5 pst.

#### Kort om tilhøva i lokalmarknaden

Sidan 1996 har folketalet i kommunen gått ned. Dette er urovekkjande, og ein trend som mange bygder i distrikts-Noreg opplever. I fylgje Statistisk Sentralbyrå var det 2.688 innbyggjarar i kommunen den 1.1.2014, ein nedgang på heile 43 i 2013 (-17 i 2012, -10 både i 2010 og 2011). 21% av innbyggjarane er over 67 år, noko som inneber at Vik i snitt har ei eldre befolkning enn resten av landet.

Prognosen for utviklinga framover iflg. Statistisk Sentralbyrå, er at vi om 15 år vil vera ytterlegare kring 250 færre innbyggjarar i kommunen enn i dag.


Denne prognosen har nok ikkje teke høgde for at den planlagde Vikafjellstunnelen er komen på plass.

Industri har vore og er ein viktig næringsveg i Vik Kommune. Den økonomiske tilstaden i denne bransjen er samansett. Frå verksemder som driv godt med auke i både produksjon og resultat, til dei som arbeider hardt for å finne sin plass i den stadig meir globaliserte marknaden.

Optimalisering av drifta i industrien på konsernnivå har redusert talet på arbeidsplassar lokalt for fleire verksemdar dei seinare åra. I eit høgkostland er insentiva til mekanisering og robotisering sterke og det får sjølvstekt konsekvensar for talet på arbeidsplassar.

Vikafjellet er riksveg og skal vera oppe heile døgnet som vinterveg. Alle overordna planar for tunnel under Vikafjellet er klare, og Statens Vegvesen Region Vest anbefalte i 2011 å bygga lang tunnel i første planperioden i NTP som starta i 2014. Diverre prioriterte ikkje Vegdirektoratet dette vidare i prosessen mot Samferdselsdepartementet. Prosjektet var likevel med i tilrådinga frå departementet og Stortinget vedtok ei løyving på kr 100 mill. i siste planperiode 2018-2023. Før valet lova representantar for noverande Regjering å flytta oppstart til 1. periode, noko som det er forventa at dei gjennomfører.

### Innskotsutvikling 31.12 (i mill. kroner)



Så lenge tidleg oppstart ikkje er på plass, er det alvorleg for Vik og midtre Sogn, men vi må ha tru at den gode jobben som vert gjort for å få dette på plass i 1. periode likevel gir frukter.

Mangelen på robust og forutsigbar infrastruktur er utan tvil det som har mest påverknad på utviklinga lokalt, og dette er det avgjerande å snarast få ei løysing på.

Tilhøva i Vik kommune må ligge til rette for at ressurspersonar som arbeidskraft og innbyggjarar, finn det interessant og greitt å kunne bu og arbeida i Vik kommune og utvikla industrien og anna næring vidare. Den vanskelege infrastrukturen til Vik kan vera avgjerande for at velkvalifisert arbeidskraft vel vekk Vik. Dette er mest synleg der heile familiar vil flytta til Vik, men der kun den eine får jobb innafor det fagfeltet ein er utdanna til, medan den andre ikkje finn arbeid som ligg innafor ein akseptabel dagpendlaravstand.

Problemstillinga med mangel på vidaregåande skule i dagpendlaravstand understrekar ytterlegare det veksande gapet det er i infrastrukturen mellom Vik og andre kommunar i nærområdet og landet elles.

Reiselivsnæringa er og ei betydeleg næring for Vik. Næringa er samansett av ei rekke mindre og mellomstore aktørar i hovudsak på overnatting av ulik type. Næringa manglar eit moderne hotell med tidsrette funksjonar, og det har vore slik sidan hotellbrannen våren 2010.

Nye lokale eigarar er kome godt i gang med å bygge opp att hotellet. Mangelen av hotell er merkbar for både reisande, bygdefolk og ikkje minst for verksemdar innan servicenæringa og handel, som fekk ytterlegare svekka kundegrunnlag ved at både gjester og arbeidsplassar forsvann med brannen.

Service og handel har utfordring i at for delar av året er etterspurnaden for låg i høve til tilbodet. Priskonkurransen frå større sentrale aktørar, er ei anna side av saka. Aktiviteten i lokalsamfunnet generelt, påverkar naturlegvis også etterspurnaden etter varer og tenester.

På 170 landbruksføretak i Vik kommune vert det produsert om lag 5.000 tonn mjølk, 400 tonn kjøt og 550 tonn bær. 2014 var eit godt år både for grovfôrproduksjon, frukt, bær og beitebruk.

I 2014 var det 115 gardsbruk med sau i Vik kommune som hadde rett på produksjonstilskot. Kvaliteten på slaktelamma låg også dette året på topp i landet med medel slaktevekt på 21 kg. Den positive utviklinga for økonomien i lammekjøttproduksjonen held fram og det er bra interesse for å investere i driftsbygningar for sau.

Tal føretak med storfe/mjølkeproduksjon var 51 noko som betyr ein nedgang. Av dei 51 er det 6 samdrifter som nyttar ressursar på til saman 25 gardsbruk.


### Kundeundersøking 2014:

*Våre kundar gav uttrykk gjennom kundeundersøkinga at dei var godt nøgde med banken. Dette gjev inspirasjon til å halda fram utviklinga av lokalbanken.*

Vik kommune er den desidert største bringebærkommunen i Noreg med produksjon på 42 bruk. Ein stadig større del av bæra vert seld til frisk-konsum, og mykje av produksjonen skjer i tunel. Bringebær dyrking er i vekst men det er ynskjeleg med fleire dyrkarar/meir areal i produksjonen. Det vert dyrka jordbær på 11 gardsbruk, og ein del har frukt og andre bær. Nokre få driv økologisk jordbruk.

Aktiviteten innan skogbruk auka kraftig i 2014 med 6700 m<sup>3</sup> avverka tømmer, som er 68% meir enn året før. I tillegg ligg mykje på lager på lunneplassar.

**Samla driftskostnader i prosent av snitt forvaltningskapital**



År	Vik Sp.bk.*	Andre tilsv. Sparebankar
2005	2,18%	1,99%
2006	2,13%	1,88%
2007	2,06%	1,94%
2008	1,91%	2,00%
2009	1,73%	2,09%
2010	1,31%	1,81%
2011	1,71%	1,49%
2012	1,69%	1,53%
2013	1,76%	1,55%
2014	1,61%	

\* NB! Våre kostnader er inkl. utleigebygga!

I Vik kommune er det fleire døme på føretak som har lukkast med tilleggsnæringar som gardsturisme og vidareforedling, og bøndene viser stor evne til omstilling. Samla tal dyr og areal i drift har gått litt ned, men driftseiningane er større enn før av di stadig større del av jorda vert leigd. Dei fleste har arbeid utanom gardsdrifta. Næringa sysselset om lag 10% av arbeidskrafta i kommunen.

Fleire hyttefelt er under utbygging, og det siste året har ein sett ein aukande interesse for fritidshusvære i Vik. Dette er noko ein såg starten på då Vikafjellstunnelen kom inn med løyving i NTP. Ein auke i fritidshusvære er positivt for næringslivet i bygda som får auka tilgang på kundar. Denne trenden forventar ein vil halde fram og det framleis god tilgang på hyttetomter enten ein ynskjer å vere ved sjøen eller oppunder fjellet.

Framveksten av nye næringar er heilt avgjerande for å oppnå vekst i Vik kommune. I den samanheng er det svært gledeleg at den lokalt skapte, eigde og prislønte verksemda, Highsoft Solutions as, har hatt stor suksess med produktet sitt internasjonalt.

Utfordringane i Vik kommune er først og fremst:

- Sterk konkurranse og internasjonalisering av næringslivet, både for industrien og rasjonaliseringa av landbruket.
- Fallande folketal og høg gjennomsnittsalder på innbyggjarane.
- Manglande praktiske kommunikasjonar for dagleg pendling til vidaregåande skular og næringsliv i nærområdet.
- Dårlege kommunikasjonar, både innan kommunen (m.a. rasfare/smalt veg) og ut av kommunen med høg fjellsveg vinterstid og inga nattferje.
- Vanskar med å rekruttera fagfolk og godt utdanna arbeidskraft til næringslivet i kommunen.

Kommunen har sett i gang fleire tiltak for møta desse utfordringar. Det vert frå politisk hald jobba systematisk med å framskunde arbeidet med oppgradert og naudsynt infrastruktur der det første prosjektet er tunnel gjennom Galden mellom Vikøyri og Vangsnes som vil bli starta opp i 2016. Vikafjellstunnelen er neste på lista og der må ein ha bindande vedtak på oppstart innan kort tid. Også tiltak for auke folketallet er det sett i gang arbeid med. Målet der er å gjere SSB sine prognosar til skamme.

**Samfunnsansvar**

Vik Sparebank tek samfunnsansvar, noko som ligg i botnen i høve det strategiske rammeverket til banken. Soliditeten til banken med god inntening, er den beste garanti for at vi skal kunne dekke vår framtidige funksjon i lokalsamfunnet.

I strategiplan seier banken at den skal vere ein konkurransedyktig bank for innbyggjarane i kommunen, - samt utflytte vikjer og andre som vi har opparbeidd relasjonar til. For næringslivet i kommunen skal vi vere eit klart fyrsteval på alle finansielle tenester. Dette skal vi oppnå gjennom tett, nær og god oppfølging av våre kundar, samt vere konkurransedyktig.

Gåver, sponsing: Vik Sparebank skal synleggjere og profilere seg som den viktigaste bidragsytaren til idrett- og kulturlivet i kommunen.

Vik Sparebank er svært oppteken av utviklinga i kommunen og har gjennom fleire år nytta mykje midlar for å stimulera til vekst og utvikling. Av tiltak kan nemnast:

- Ressursar på god rådgjeving og nærleik til kunde og distrikt.
- Gåver til allmenntilgjengelige føremål.
- Omfattande stønad til lag og organisasjonar.

Banken er ein mangeårig stor sponsor i samband med utbyggingsaktivitetar. Vi kan nemna Vik Skisenter, Vik aktivitetspark, verninga/restaureringa av M/S Arnafjord og restaureringa av Gamle Refsdal Kraftstasjon.

Det vert lagt ned ein formidabel dugnadsinnsats i ulike lag og organisasjonar kvart år, noko som er av uvurderleg verdi. Ein del av desse investeringane er også på eit finansielt omfattande nivå. I kjølvatnet av så store investeringar vil det alltid vera kapitalkostnader og løpande driftskostnader og vedlikehald. Det er difor også viktig i slike prosessar at handverket både i lag, organisasjon og i bank er av beste merke, slik at investeringane ikkje påfører aktørane økonomiske vanskar i ettertid.

Menneskerettar: Banken skal aldri utgjera ein uakseptabel risiko for å medverka til uetiske handlingar eller unnlatningar. Dette kan t.d. vera krenkingar av humanitære prinsipp, menneskerettar, korrupsjon og miljøødeleggingar.

Banken er avhengig av tillit og set dei etiske retningslinjene høgt. Dei tilsette kjenner difor godt til dei etiske retningslinjer generelt, men også i høve områder som kvitvasking/økonomisk kriminalitet.

Styret oppfattar banken til å ha ein høg etisk standard, og det er ikkje rapport om avvik i høve dette i 2014.

Vi set samfunnsansvaret på dagsorden gjennom ein ansvarleg profil som møter globale og nasjonale trendar som miljø- og klimautfordringar.

Arbeidsmiljø, utdanning, likestilling og diskriminering: Styret, leiinga og dei tilsette får, og har kunnskap og kompetanse om, kor viktig dette samfunnsansvaret er for ei god utvikling og framtid for næringslivet i kommunen. Dette formidlar vi vidare og kan gjennom dette også bidra til å skapa meirverdi for kunden.

Banken har eit aktivt forhold til å få på plass fleire autoriserte kunderådgjevarar (AFR).

Vik Sparebank skal vera ein attraktiv arbeidsgjevar, som gjennom eit samspel med dei tilsette, skal vera med på å vidareutvikla banken. Dette kan vera ein konkurransefordel.

Trivnad og mangfald på arbeidsplassen er viktig. Banken er IA-bedrift som er med på å gi støtte under likeverdet på arbeidsplassen. Samla sjukefråvær i 2014 var 3,1%, av dette 1,4% korttidssjukefråvær.


Vik Sparebank ynskjer å motivere tilsette av begge kjønn til å søke leiande og nye stillingar/utfordringar. Samansettinga i styret, kontrollkomité og forstandarskap har også teke omsyn til kjønnsfordelinga m.a. gjennom anbefalingar kome frå Finans Norge.

Vik Sparebank nyttar ikkje innsatsfaktorar eller produksjonsmetodar som forureinar det ytre miljø. Banken har ei miljøbevisst haldning i forhold til forbruk og gjer m.a. investeringar for mindre energibruk.

Kundane: Kundeundersøking med mål om å avdekka kor nøgde kundane er med banken vart også gjennomført i 2014. Som tidlegare var også resultatet denne gongen positivt og gledeleg.

*Over 40% av banken sine samla utlån er til personkundar utanom lokalmarknaden!*

**Utlånsutvikling i eigen balanse og gjennom Eika Boligkreditt AS:**  
(i mill. kroner)



Gjennom slike undersøkingar får og banken tilbakemeldingar frå kundane som me kan nytte i vårt arbeid med å verta endå betre.

Dette gjev inspirasjon til å halde fram utviklinga av lokalbanken slik granskinga viser at kundane våre vil ha. Dette er viktig for kundar i distriktsbankane; kort veg til der vedtak vert fatta og konkurransedyktige vilkår på produkta. Vik Sparebank hevdar seg vanlegvis godt i dei ulike bankundersøkingane.

Vik Sparebank har evna til å vera ein stabil og god bank som er eit viktig bidrag til lokalsamfunnet. Dette gjer seg synleg gjennom gode vilkår på produkt og tenester.

### Renteutvikling

Styringsrenta til Noregs Bank var 1,50% frå mars 2012 til desember 2014 då den gjekk ytterlegare ned til 1,25%. Vik Sparebank hadde to renteendringar i 2014, men der den siste fekk effekt frå 5. januar 2015. Rimelegaste bustadrenta er f.t. 2,90%. Avtalerenta for større innskot var 2,60% ved årsskiftet.

Rentenivået i 2014 var lågt, spesielt for Niborbasert finansiering, noko som gjorde at bankar med store innlån gjennom seniorlån fekk særstendig finansiering.

Børsutviklinga i 2014 vart positiv med 5% til tross for reduserte oljeprisar. Innskotsutviklinga i banken har vore god over fleire år, noko vi trur m.a. skuldast at innskytarane ynskjer pengane trygt plassert til ei relativt god rente.

### Låneauke

Vik Sparebank hadde i 2014 ein netto låneauke på 20 mill. kroner tilsvarande 2,2%. Ein har då teke utlån i eigen balanse og lagt til våre utlån formidla gjennom Eika Boligkreditt AS. Auken i eigen balanse var på 22 mill. kroner eller 2,8%, medan vi fekk ein mindre reduksjon i Eika Boligkreditt AS med 2 mill. kroner tilsvarande 1,3% (auken i fjor var 95%).

### Innskotsauke

Banken fekk ein stor auke i våre innskot i 2014 på 73 mill. kroner tilsvarande 8,3%.

Resultatet av auka innskot, samtidig som vi har oppretthaldt eit relativt høgt innlån frå Kredittforeningen for Sparebankar har gitt oss stor overskotslikviditet. Denne auka likviditeten har vi hovudsakleg plassert i obligasjonar forvalta av ulike rentefond. I tillegg har vi buffer gjennom gode låne- og trekk-moglegheiter i både Dnb og Noregs Bank for å møte eventuell framtidig trong for likviditet.

### Strategisk samarbeid i Eika Gruppen AS

Styret har som målsetjing å vidareutvikla banken som ein sjølvstendig lokal sparebank. For å oppnå denne målsetjinga er banken avhengig av å kunna tilby eit breitt spekter av finansielle produkt og tenester som banken ikkje produserer sjølv, til ein konkurransedyktig pris.

Vik Sparebank har på enkelte område store fordelar av å samarbeide med andre sparebankar på utvikling av infrastruktur og finansielle produkt. Difor er Vik Sparebank medeigar i Eika Gruppen AS. Grappa er ein strategisk allianse mellom 79 sjølvstendige små og mellomstore lokale sparebankar og OBOS (Oslo Bustad- og Sparelag).

Samarbeidet er organisert gjennom Eika Gruppen AS som er både eit finanskonsern og ein bankallianse. Grappa er ein av dei viktigaste aktørane i norsk bankmarknad og den viktigaste i store deler av distrikts-Noreg.



Samla forvaltningskapital i bank-alliansen inkl. Eika Boligkreditt AS er om lag 300 milliardar kroner og alliansen har 1 million kundar. Eigarbankane er representerte i Eika Gruppen AS gjennom deltaking i sentrale prosjekt, utval og/eller styre.

**Ein viktig allianse med høg kundelojalitet**

Eika og sparebankane bidreg til eit viktig mangfald i finansnæringa, med lokal verdiskaping og nærleik til kundane. Lokalbankane som er tilslutta Eika Gruppen AS har totalt 1 million kundar og er sterkt lokalt tilhøyrande. Både i person- og bedriftsmarknaden har småbankane dei mest nøgde og lojale kundane. Eikabankane har til saman ein stor distribusjonskapasitet med 200 bankkontor i 137 kommunar.

**Vik Sparebank på «APP og nett»**

Stadig fleire kundar nyttar internett og for banktenester er nettbanken vår mykje nytta. Nettbanken får stadig utvida innhald og kundane er i større grad i stand til å hjelpe seg sjølv med banktenester og på det tidspunkt som høver den enkelte best. Nettbanken kan også nåast gjennom mobiltelefon og mobilversjon av nettbank ved bruk av nettbrett med nedlasta applikasjon av Vik Sparebank. Der får ein også tilgang til dei mest brukte banktenestene.

Ny APP med utvida nettbanktenester m.a. SnapCash kan våre kundar laste ned i januar 2015. Framtida ligg i dag innafør tilgangar til bank nettopp på APP.


Vik Sparebank er også på Facebook, noko som synte seg å vera veldig populært og ein god kommunikasjonskanal spesielt i samband med marknadsaktivitetar og anna informasjon.

**Resultatrekneskapan - overskot på 10,3 mill. kroner før skatt**

Resultat før skatt vart 10,3 mill. kroner mot 10,8 mill. kroner året før. Reduksjonen må sjåast i samanheng med at vi i 2013 hadde vinst eignedomar på 3,1 mill. kroner som er ført under andre driftsinntekter i rekneskapan. På den andre sida hadde vi i 2014 ein netto vinst anleggsaksjar på 1,4 mill. kroner medan vi året før hadde eit tap på 1,2 mill. kroner.

Rentemarginen svekka seg att i 2014 og vart 1,80% mot 1,88% året før. Årsaka til dette er fyrst og fremst at våre plasseringar i rentefond gav svak eller negativ avkastning i siste kvartal 2014. Eit eventuelt ytterlegare fall i rentemarginen må erstattast av andre inntekter frå m.a. provisjonar frå ei større portefølje i Eika Boligkreditt AS, sal av forsikring, effektiv drift og reduserte kostnader.

**Kapitaldekning 31.12**



År	Vik Sp.bk.	Andre tilsv. Sparebankar
2004	21,3%	17,8%
2005	22,6%	18,3%
2006	20,0%	17,9%
2007	19,8%	18,8%
2008	19,6%	20,0%
2009	18,6%	20,6%
2010	19,4%	21,9%
2011	18,9%	18,5%
2012	19,2%	19,7%
2013	20,1%	19,9%
2014	20,4%	

Sjå note 12.

Overskotslikviditeten styrka seg ytterlegare i 2014. Vi har plassert store delar av overskotslikviditeten i ulike likvide rentefond, som til tross for svak utvikling i siste kvartal har gitt ei samla bra avkastning. Det står også framleis store innskott i Noregs Bank og oppgjersbank til låg risikofri avkastning. Desse innskotta saman med trekkrettar fungerer som likviditetsbuffer. Også OMF obligasjonar (obligasjonar med fortrinnsrett) reduserer innteninga til banken pga. låg avkastning, men det er likevel naudsynt for å tilfredsstille ei opptrapping av minstekrav for likviditet i bankane (LCR krav).


Netto tap på lån/garantiar var på 0,6 mill. kroner i 2014 mot om lag null året før. I 2014 selde vi Nets som gav oss ein fin vinst, men nedskriving av anleggsaksjar i lokalt/regionalt næringsliv reduserte vinsten noko, slik at vi samla fekk ein vinst på kr 1,4 mill. kroner.

Under-/overkurs for børsnoterte aksjar og eigenkapitalbevis vert årleg resultatført i rekneskapan. Ved årsskiftet vart nokre av våre obligasjonar nedskrivne noko som netto gav kr 0,6 mill. i negativ resultatteffekt. Aktiviteten var også høg kring kjøp/sal av obligasjonar gjennom rentefond i 2014. Ved årsskiftet var enkeltobligasjonane og rentefonda bokførde til 186 mill. kroner mot 172 mill. kroner ved førre årsskifte. Vi fyljer regelen om at høgste avkastning og største risiko må vika for mest moglege trygg plassering. Den 31.12 var eigen obligasjonsportefølje plassert til 4,76% i snitt. Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter viser ein auke på 0,3 mill. kroner, men likevel ein reduksjon på 0,08%-poeng pga. at banken er større. I 2013 auke denne marginen med 0,02% etter ein kraftig reduksjon på 0,19% året før.

**SnapCash - Straks betaling frå konto til konto med mobil:**

Eika SnapCash er spesielt eigna i småhandelsituasjonar mellom privatpersonar. Pengane går direkte frå konto til konto utan noko seinkande mellomledd. Mottakar kan straks sjå transaksjonen i mobilbanken eller nettbanken. Foreløpig er tenesta kun tilgjengeleg mellom personar som har konto i ein Eika bank.

**Resultat ordinær drift i pst. av snitt forvaltningskapital:**



År	Vik Sp.bk.	Andre tilsv. Sparebankar
2005	1,05%	1,19%
2006	1,06%	1,27%
2007	1,37%	1,02%
2008	1,12%	0,79%
2009	0,79%	0,79%
2010	1,21%	1,03%
2011	0,73%	0,75%
2012	0,63%	0,91%
2013	1,02%	1,05%
2014	0,91%	

Utbyttet i 2014 frå aksjar/eigenkapitalbevis vart om lag som året før med 1,2 mill. kroner. Det er fyrst og fremst Eika Gruppen AS som hadde eit bra år i 2013 som bidreg til dette utbyttet.

Samla kursvinst i 2014 på aksjar/obligasjonar er reduserte i høve året før med om lag 0,4 mill. kroner, dette pga. negativ utvikling på enkeltobligasjonar. Auka inntekter frå provisjonar ved lån plassert i Eika Boligkreditt AS og forsikringsall har gitt auke for provisjonar på 0,3 mill. kroner siste år.

Samla driftsinntekter har ein nedgang frå 30,7 mill. kroner til 27,6 mill. kroner som hovudsakleg kan forklarast med at vi i 2013 førte ein rekneskapsvinst på 3,1 mill. kroner i samband med sal av eigedom.

Samla personal-, administrasjons- og driftskostnader er reduserte med 0,5 mill. kroner dvs. 2,7%.

I 2014 var netto tap på lån og garantiar 0,6 mill. kroner. Banken hadde, i motsetnad til i fjor, stor netto kursvinst for anleggsaksjar på 1,4 mill. kroner. Etter skatt på 2,4 mill. kroner, vart overskotet 7,9 mill. kroner mot 7,5 mill. kroner året før. Overskotet dei seinare åra har vore mellom 4,0 mill. og 8,2 mill. kroner!

Berre gjennom tilpassa inntening i høve til veksten, kan banken oppretthalda sjølvstende på lang sikt, samstundes som banken er aktiv og trygg medspelar for lokalsamfunnet, med tilstrekkelege reservar til å ta risiko og tap.

**Disponering av overskotet:**

Vik Sparebank deler kvart år ut ein del av overskotet til lag og organisasjonar i banken sitt distrikt.

Styret gjer framlegg om slik disponering av overskotet for år 2014:

Til sparebankfondet	6.900.000 kroner
Til gåver	+ 850.000 kroner
Til gåvefondet	+ 150.000 kroner
<u>Disponert til saman</u>	<u>= 7.900.000 kroner</u>

Styret gjer framlegg om å dela ut 850.000 kroner og setje av 150.000 kroner til gåvefondet. Nytt samla gåvefond vert då 2.000.000 kroner.

Over tid må sparebankfondet i høve forvaltninga prosentvis oppretthaldast på eit høgt nivå. Dette er heilt avgjerande i forhold til sjølvstende m.a. gjennom kapitalkrav frå styresmaktene. Avkastninga frå eigenkapitalen gir oss også tryggleik for at vi kan halda fram å tilby våre kundar rimelege og framtidsette tenester.

På sikt vil ein eigenkapital som ikkje aukar, gjera oss mindre aktuelle som banksamband for dei større og veksande lokale verksemdene. Med vekst i forvaltninga og samla inntekter kan vi driva effektivt og lønsamt i ein tøff konkurranse, men der må eigenkapitalen fylja med oppover i storleik.

**RISIKOEKSPONERINGA TIL BANKEN - FINANSIELL RISIKO**

Styret har etablert tilfredsstillande tiltak for kvalitetssikring og risikostyring med fastsette rammer og styring av risikoeksponering.

Alle nye verdipapirplasseringar vert gjennomgått av styret månadsvis.

**Kredittrisiko** er knytt til banken sine utlån, garantiar og deler av verdipapira. Denne risikoen vert ivareteken gjennom kontroll av betalingsmislegghald, risikoklassifisering og rammer for risiko for handel med verdipapir. Banken har få store næringslivsengasjement, men er tyngre inne på lånesida i nokre selskap.


Våre individuelle nedskrivningar på 2,2 mill. kroner er netto redusert med 3,1 mill. kroner siste året. Gruppenedskrivningane er uendra på 3,5 mill. kroner.

**Verdipapirportefølje**

**31.12**

(i mill. kroner)

Inkl. aksjar-/fond og obligasjonar.



**Juniorkort for barn under 13 år**

*Juniorkortet fungerer på same måte som eit vanlig bankkort, men har fleire sikkerheitsselement som gjer det tryggare for born å bruke.*

*Foreldra får full oversikt i nettbanken over barnet sin kortbruk – og ikkje minst mindre behov for kontantar.*

*\* Juniorkortet kan berre brukast dersom det er pengar på konto*

*\* Juniorkortet kan brukast i butikk og minibank*

*\* Juniorkortet kan ikkje brukast på Internett*

*\* Juniorkortet har ikkje bilete eller fødselsnummer*

Totale tapsnedskrivningar er på 5,7 mill. kroner og utgjer 0,7% mot 1,1% og 1,0%, av brutto utlån i eigen balanse åra før.

Styret vurderer kredittrisikoen i personmarknaden som liten, men einkilde «oljeområder» i landet har opplevd ein relativt betydeleg prisnedgang etter mange år med sterk vekst. I ljøs av dette må kredittarbeidet i banken vera godt, ikkje minst når rentenivået på sikt vil gå betydeleg opp att, og prisen på bustadane skulle falla ytterlegare tilbake.

Finanstilsynet kom i 2012 med innskjerpingar kring lån til bustadføremål. I korte trekk gjekk dette ut på skjerpa krav til kunden si betjeningsevne (totale økonomiske situasjon, inkludert all gjeld og andre utgifter. Bankane skal ta høgde for ein renteauke på minst 5 prosentpoeng). I tillegg vart retningslinjene stramma inn ved at lån normalt ikkje må overstiga 85 prosent av marknadsværdien av bustaden. For flexilån er referanseverdien for forsvarleg gjeldsgrad seinka til 70 prosent.

Kredittrisikoen er akseptabel for utlån til næringslivet, der også vårt samla engasjement har gått ned. Etter styret si vurdering er avsetnadene tilstrekkelege til å dekkja kredittrisikoen. Det budsjetterte tapet ved eit svært lågt rentenivå er under 0,2% av brutto utlån mot 0,3% ved høgare/aukande rentenivå.

Kredittrisikoen for verdipapira er vurdert aukande med ein større portefølje enn tidlegare, men vi har ei samansetning med individuelle obligasjonar og plasseringar gjennom rentefond, som vi vurderer samla til framleis å vera liten.

**Renterisikoen** er moderat. Banken hadde ved årsskiftet innskot på 3 mill. kroner med fastrente med resttid til forfall i snitt 7 mnd. Lengste bindingstid for innskot på særvilkår er ein månad. Ved eventuelle endringar i rentenivået, vil banken f.t. kunna endra rentene omgåande på innskot og utlån.

Vår portefølje for obligasjonar er i overkant av 185 mill. kroner ved årsskiftet – derav 15 mill. kroner i OMF rentefond med god likviditet. Renterisikoen på enkelt verdipapir er omlag 0,2%. Dvs. ved ei renteendring på eitt prosentpoeng så vil det endra kursen/verdien med kring 80.000 kroner. Maksimal ramme for renterisiko er av styret sett til +/-1,0 mill. kroner. Styret vurderer risikoen som akseptabel.

**Valutarisikoen** er liten og knyter seg til verdiendringar på banken sin kontantbeholdning av valuta.

**Likviditetsrisikoen** er låg! Ved utgangen av 2014 var brutto utlån 86% av innskota, tala dei føregåande åra var høvesvis 90%, 105%, 92%, 96% og 95%.

Frå hausten 2014, vart det månadsvis rapportering av **LCR** (Liquidity Coverage Ratio). Rapporteringa ivaretek Finanstilsynet sitt behov for å vurdere bankane sin likviditetsbuffer. Frå 31.01.2015 skal min. 60% av dei framtidige endelege krava vera oppfylte. Vik Sparebank hadde ein LCR på 111% ved årsskiftet.

Av anna langsiktig finansiering hadde vi ved årsskiftet 70 mill. kroner, uendra siste år. Dei 70 mill. kroner er henta gjennom Kredittforeningen for Sparebankar i tre ulike innlån der to er på 20 mill. kroner med forfall i 2017 samt eitt på 30 mill. med forfall oktober 2015.

I norsk bankvesen er våre eksterne innlån svært låge, og styret ser det som uaktuelt å ytterlegare finansiera eksternt i 2015 utover nivået i dag. Dette sidan vi kan avlasta bustadlån gjennom Eika Boligkreditt AS.

Banken tilbyr fastrentetilbod for innskot og lån etter førespurnad. På slutten av 2012 lanserte Vik Sparebank eitt nytt sparetilbod "framtidskonto". Kunden pliktar å inngå spareavtale for faste summar overført til konto med samla kr 30.000 årleg inntil kr 300.000 samla. Og dette til ei god rente som frå starten har gitt 3,50%. Interesse for kontoen har vore stor.

Verdipapirbeholdninga av individuelle obligasjonar er i det alt vesentlege vurdert som lett omsetteleg, medan rentefonda er svært lett omsetteleg. Risikoen for plutselige svingingar i likviditeten er i tillegg sikra gjennom trekkrettar i Noregs Bank og i oppgjersbank Dnb. Vi er også medeigar i selskapet Kredittforeningen for Sparebankar, som har som hovudføremål å skaffa funding til sparebankar.

### PERSONALE - ARBEIDSMILJØ

Vik Sparebank har eit aktivt tilhøve til likestilling når det gjeld tilsette og tillitsvalde. I dag er fordelinga som fylgjer:

Funksjon	Kvinner	Menn
Forstandarskap og Kontrollkomité	47 %	53 %
Styret	60 %	40%
Tilsette inkl. vaktmeister	50 %	50%

Korttidssjukefråværet i 2014 var om lag 1,5% av samla utførde årsverk. Det er ikkje grunn til å tru at sjukefråværet skuldast tilhøve på arbeidsplassen. Verksemda til banken fører ikkje til ureining av det ytre miljøet.

### VEGEN VIDARE

Vik Sparebank er solid og godt finansiert og styret og leiinga vil møte dei utfordringane som kjem på ein offensiv måte. Styret meiner at banken har eit fortrinn med god kunnskap om kundar og marknaden, noko som er og har vore viktig.

I framtida vil Vik Sparebank nytta all erfaring og kunnskap til å tena kundane i ei spanande elektronisk verd, men like viktig vil det vera å ivareta og vidareutvikla det nære og gode forholdet ein har til kundane på beste måte. Det utvida produktspekteret vil i framtida innebera at banken skal vera ein rådgjevar som ivaretek heilskapen i kunden sitt behov for finans- og forsikringsprodukt. Individuelle pensjonsplanar vil i tida som kjem verta meir aktuelle som ei fylgje av omleggingar i det offentlege pensjonssystemet.

Dei tilsette i banken har lang erfaring og god kompetanse som vert oppdatert kontinuerleg. Autorisasjon av Finansielle Rådgjevarar (AFR) har pågått for fullt siste åra, og Vik Sparebank har 4 autoriserte rådgjevarar pr. 31.12.14.

Utviding av tenestepeskeret er ein naturleg konsekvens av utviklinga og tilpassinga i marknaden for å halda oppe aktiviteten, sikra arbeidsplassane, og gjera det enkelt og greitt for kundane. Banken vil i framtida bruke meir ressursar på marknadskommunikasjon for å gjere eigne og potensielle kundar merksame på kvalitetane vi har.

Styret legg vekt på at Vik Sparebank skal vera ein rimeleg bank med eit resultat som er tilstrekkeleg til å oppnå målsetjingane til banken.

Banken vil vera avhengig av nye kundar utover primærmarknaden for å oppnå ein tilfredsstillande vekst dei komande åra.

Stor eigenkapital, god effektivitet, ressurs sparing ved auka sjølvbetjeningsgrad og bruk av moderne teknologi gjer at Vik Sparebank vil vera godt rusta for vidare drift. Banken har eit godt utgangspunkt for tilpassingar til konkurranse- og marknadsendringar som kjem.

I framtida vil inntekter frå sal av Eika sine produkt verta avgjerande for banken si inntening pga. pressa rentemargin. Banken skal drivast lønsamt og overskotet tilpassast veksten for å oppretthalde eigenkapitalprosenten.

For 2015 reknar styret med eit resultat før tap på om lag 8,3 mill. kroner. Dette føreset framleis stabilt lågt rentenivå utan omsyn til kursvinst/-tap på obligasjonar, aksjar og anleggsmidlar.

### FRAMTIDSKONTO

*Dei fleste av oss har planar for framtida. Om det er hus, hytte, bil eller ferie så er fellesnemnaren store økonomiske investeringar. Pengar som du kanskje ikkje har i dag, men som du kan spara deg til.*

*Dagens krav til bustadkjøparar om 15% eigenkapital, kan gjere det særst vanskeleg å kome seg inn på bustadmarknaden. For å få ein god start på dine planar, kan det vere lurt å starte med ein spareavtale i dag. Her er nokre gode alternativ:*

#### 1. HØGRENTEKONTO:

Langsiktig og risikofri **Høgrentekonto** – med effektiv rente på **3,50%** frå fyrste krone. Spar inntil kr 30.000,- i året. Maks kr 300.000,- totalt.

#### 2. Boligsparing for ungdom.

(BSU) Effektiv rente på **4,50%** Spar inntil kr 25.000,- i året – kr 200.000,- totalt til og med det året du fyller 33. I tillegg får du 20% skattereduksjon av årleg sparebeløp.

**3. Aksjefond.** Ved langsiktig sparing er aksjefond eit godt alternativ for å få best mogleg avkastning på pengane ein sparar.

Ta kontakt med oss i dag for ytterlegare informasjon om langsiktig sparing og vilkår i denne samanheng.

Styret meiner at føresetnaden for framleis drift er tilstades.

**Takk til kundar, tillitsvalde og tilsette**

Styret vil takka kundane for den tillit dei har vist ved å nytta Vik Sparebank. Styret takkar òg tillitsvalde og ikkje minst dei tilsette for deira innsats for banken.

Vik i Sogn, 11. februar 2015

Styret for Vik Sparebank

  
Olav Vikøren  
styreleiar

  
Kari W. Sunde  
styremedlem

  
Anne Espeland  
styremedlem

  
Kirsten Asheim  
Styremedlem tilsette

  
Werner Madsgaard  
nestleiar

  
Mads Arnfinn Indrehus  
banksjef

## RESULTATREKNESKAP

	NOTE	2014	2013
<b>RENTE OG LIKNANDE INNTEKTER</b>	2		
Rente og liknande inntekter av utlån til og fordringar på kredittinstitusjoner		1.247.497,24	1.345.487
Rente og liknande inntekter av utlån til og fordringar på kundar		35.813.481,72	35.759.772
Rente og liknande inntekter av sertifikater, obligasjoner og andre rente-berende verdipapir		6.343.357,20	4.590.710
		43.404.336,16	41.695.969
<b>RENTE OG LIKNANDE KOSTNADER</b>	15,2		
Rente og liknande kostnader på gjeld til kredittinstitusjoner		1.818.930,27	1.554.090
Rente og liknande kostnader på innskot frå og gjeld til kundar		20.608.045,01	19.498.697
Avgift til Sikringsfondet		682.918,00	663.474
		23.109.893,28	21.716.261
<b>NETTO RENTE- OG KREDITTPROVISJONSINNTEKTER</b>		<b>20.294.442,88</b>	<b>19.979.708</b>
<b>UTBYTTE OG ANDRE INNT. AV VERDIPAPIR MED VARIABEL AVKASTNING</b>			
Inntekter av aksjer og andre verdipapir med variabel avkastning	5,6	1.213.807,52	1.173.672
<b>PROVISJONSINNTEKTER OG INNTEKTER FRÅ BANKTENES'</b>	3		
Garantiprovisjon		84.650,04	125.808
Andre gebyr og provisjonsinntekter		6.111.260,15	5.749.419
		6.195.910,19	5.875.226
<b>PROVISJONSKOSTNADER OG KOSTNADER VED BANKTENESTER</b>			
Andre gebyr og provisjonskostnader		1.394.284,15	1.118.801
		1.394.284,15	1.118.801
<b>NETTO VINST/TAP AV VALUTA OG VERDIPAPIR (ikkje finansielle produkt til varig eige eller bruk)</b>			
Netto vinst/-tap sertifikat, obligasjoner og andre renteberand	5	-572.600,00	-
Netto vinst/-tap på aksjer og andre verdipapir med variabel avkastning	6	441.952,89	261.114
Netto vinst/-tap på valuta		183.255,15	155.149
		52.608,04	416.262
<b>ANDRE DRIFTSINNTEKTER</b>			
Driftsinntekter faste eigedomar		1.268.747,00	1.270.034
Andre driftsinntekter		1.268.747,00	3.082.134
		2.537.494,00	4.352.168
<b>SAMLDRIFTSINNTEKTER</b>		<b>27.631.231,48</b>	<b>30.678.236</b>
<b>LØN OG GENERELLE ADMINISTRASJONSKOSTNADER</b>	4		
Løn		7.519.000,47	7.741.007
Pensjonar	8	759.133,20	568.148
Sosiale kostnader		1.065.427,29	1.247.599
Administrasjonskostnader		5.563.107,11	5.966.985
		14.906.668,07	15.523.739
<b>AVSKRIVNINGAR MM. AV VARIGE DRIFTSMIDDEL I MATR. EIGNELUTAR</b>			
Ordinære avskrivningar	7	459.684,75	479.858
		459.684,75	479.858
<b>ANDRE DRIFTSKOSTNADER</b>			
Driftskostnader faste eigedomar		1.473.784,35	1.744.233
Andre driftskostnader	11	1.321.647,35	922.943
		2.795.431,70	2.667.176
<b>SAMLDRIFTSKOSTNAD</b>		<b>18.161.784,52</b>	<b>18.670.773</b>
<b>RESULTAT FØR TAP</b>		<b>9.469.446,96</b>	<b>12.007.463</b>
<b>TAP PÅ UTLÅN OG GARANTIER MM.</b>			
Tap på utlån	1	615.196,72	-5.043
Tap på gantantiar m.m.	1	0,00	-
		615.196,72	-5.043
<b>VINST PÅ VERDIPAPIR SOM ER ANLEGGSMIDLAR</b>			
Vinst/tap	6	1.423.114,02	-1.225.954
		1.423.114,02	-1.225.954
<b>RESULTAT AV ORD. DRIFT (DRIFTSRES.)</b>		<b>10.277.364,26</b>	<b>10.786.552</b>
SKATT PÅ ORDINÆRT RESULTAT	13	2.377.364,26	3.336.552
		2.377.364,26	3.336.552
<b>RESULTAT FOR REKNESSKAPSÅRET</b>		<b>7.900.000,00</b>	<b>7.450.000</b>
<b>DISPONERING AV OVERSKOT</b>			
Overført til sparebankens fond		6.900.000,00	6.500.000
Overført til gaver og gævefond		1.000.000,00	950.000
		7.900.000,00	7.450.000
Resultat for reknesskapsåret i snitt av forvaltningskapital		0,70 %	0,70 %

## BALANSEREKNESKAP

	NOTE	2014		2013	
<b>EIGNELUTAR</b>					
KONTANTAR OG FORDRINGAR PÅ SENTRALBANK		55.118.060,20	55.118.060,20	53.361.084	53.361.084
<b>UTLÅN TIL OG FORDRINGAR PÅ KREDITTINSTITUSJONAR</b> 2,9					
Utlån til og fordringar på kredittinst. u/ avtala løpetid eller oppsigelse		67.023.129,22		31.638.125	
Utlån til og fordringar på kredittinst. m/ avtala løpetid eller oppsigelse		3.300.000,00	70.323.129,22	3.900.000	35.538.125
<b>UTLÅN TIL OG FORDRINGAR PÅ KUNDAR</b> 1,2,4,9					
Kasse-/drifts- og brukskredittar		133.074.986,70		135.724.635	
Byggjelån		6.944.418,50		2.698.267	
Nedbetalingslån		678.994.821,81		658.664.356	
Andre utlån		0,00	819.014.227,01	-	797.087.258
Individuelle nedskrivningar på utlån		-2.237.000,00		-5.287.000	
Nedskrivning på grupper av utlån		-3.500.000,00	-5.737.000,00	-3.500.000	-8.787.000
Netto utlån og fordringar på kundar			813.277.227,01		788.300.258
<b>SERTIFIKAT, OBLIGASJONAR OG ANDRE RENTEBERANDE VERDIPAPIR (m/ fast avkastning)</b>					
<u>Utstedt av det offentlege:</u>					
Sertifikat og obligasjonar	2,5	0,00		-	
<u>Utstedt av andre:</u>					
Sertifikat og obligasjonar	2,5	185.501.092,89	185.501.092,89	172.131.335	172.131.335
<b>AKSJAR (og andre verdipapir med variabel avkastning)</b>					
Aksjer, andeler og egenkapitalbevis	2,6	20.165.434,76		18.093.144	
Andre verdipapir:		0,00	20.165.434,76	-	18.093.144
<b>IMMATERIALE EIGNELUTAR</b>					
Utsatt Skattefordel - immaterielle eiendeler	13	0,00	0,00	-	-
<b>VARIGE DRIFTSMIDLAR</b>					
Maskiner, inventar og transportmidlar	7	623.000,00		670.000	
Bankbygningar og andre faste eigedomar	7	20.620.601,76	21.243.601,76	20.073.412	20.743.412
<b>FØRSKOTSBETALINGAR OG OPPTENTE INNTEKTER</b>					
Opptente ikkje-betalte inntekter og forskotsbetalte ikkje-påløpne ko		1.021.711,99		1.089.523	
Andre fordringar / eiendeler		45.510,99		11.093	
Overfinansiering av pensjonspliktingar	8	1.554.100,00	2.621.322,98	1.759.247	2.859.864
<b>SUM EIGNELUTAR</b>			<b>1.168.249.868,82</b>		<b>1.091.027.223</b>
<b>GJELD OG EIGENKAPITAL</b>					
<b>GJELD TIL KREDITTINSTITUSJONAR</b>					
Lån og innskot frå kredittinstitusjonar utan avtalt løpetid eller oppse		70.264.947,22	70.264.947,22	70.156.622	70.156.622
<b>INNSKOT FRÅ OG GJELD TIL KUNDAR</b> 2,14,15					
Innskot frå og gjeld til kundar utan avtalt løpetid		914.618.903,73		843.650.929	
Innskot frå og gjeld til kundar med avtalt løpetid		40.435.043,13	955.053.946,86	38.498.400	882.149.330
<b>ANNA GJELD</b>					
Anna kortsiktig gjeld		2.548.105,28		3.117.213	
Påløpne kostnader og forskotsbetalte inntekter		1.495.005,40		3.000.674	
Utsett skatteforpliktelse	13	273.955,50		274.407	
Påløpt ikkje ilikna betalbar skatt	13	2.363.908,56	6.680.974,74	3.128.977	9.521.271
<b>EIGENKAPITAL</b> 12					
Bundne fond:					
Sparebankfondet		134.250.000,00		127.350.000	
Gåvefond		2.000.000,00	136.250.000,00	1.850.000	129.200.000
<b>SUM GJELD OG EIGENKAPITAL</b>			<b>1.168.249.868,82</b>		<b>1.091.027.223</b>
<b>Postar utanom balansen:</b>					
Betinga forpliktingar:					
Garantiar	1,10	15.788.942,49		20.631.688	
Pantsetjingar	10	20.730.000,00		20.000.000	
* I tillegg utlån formidla gjennom Eika Boligkreditt AS	1	118.598.466,99		120.110.814	

31 desember 2014

Vik i Sogn, den

11 februar 2015

I styret for Vik Sparebank

*Olav Vikøren*  
Olav Vikøren  
styreleiar

*Kari Wiken Sunde*  
Kari Wiken Sunde  
styremedlem

*Werner Madsgård*  
Werner Madsgård  
styremedlem

*Anne Espeland*  
Anne Espeland  
styremedlem

*Kåsten Ashem*  
Kåsten Ashem  
styremedlem tilsette

*Mads Indrehus*  
Mads Indrehus  
banksjef

## KONTANTSTRAUMANALYSE

	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008
Årsoverskot	7.900.000	7.450.000	4.000.000	4.600.000	8.200.000	4.950.000	5.600.000
Ordinære avskrivningar	459.685	479.858	522.150	605.930	664.482	838.103	1.715.610
Tap på utlån (endra tapsavsetjingar)	-3.050.000	0	0	-1.812	-	-184.004	-500.000
Gåver	-850.000	-1.100.000	-500.000	-600.000	-800.000	-650.000	-750.000
<b>Tilført frå drifta gjennom året</b>	<b>4.459.685</b>	<b>6.829.858</b>	<b>4.022.150</b>	<b>4.604.118</b>	<b>8.064.482</b>	<b>4.954.099</b>	<b>6.565.610</b>
<b>Endring diverse gjeld</b>							
auke + / nedgang -	-2.840.296	2.287.068	14.005	735.691	-3.277.265	-1.077.104	681.134
<b>Endring i diverse krav</b>							
auke - / reduksjon +	238.541	-249.279	1.726.826	110.484	-134.219	280.179	-1.638.388
<b>LIKVIDITETS ENDRING FRÅ RESULTATREKNESKAP</b>	<b>1.857.929</b>	<b>8.867.647</b>	<b>5.762.981</b>	<b>5.450.293</b>	<b>4.652.998</b>	<b>4.157.174</b>	<b>5.608.357</b>
Endring brutto utlån							
auke - / nedgang +	-21.926.969	69.718.172	-63.299.860	-38.078.242	-62.159.195	-6.323.484	-24.982.279
Endring i kortsiktige verdipapir							
auke - / reduksjon +	-15.442.048	-116.687.385	21.090.674	-6.678.766	1.520.952	-55.257.608	-3.566.662
Endring i innskot frå kundar							
auke + / nedgang -	72.904.617	59.358.217	-50.096.135	78.462.516	53.266.121	69.622.956	91.501.475
Endring i utlån til finansinstitusjonar							
auke - / nedgang +	-34.785.004	-22.647.318	52.353.780	-50.594	-31.268.894	3.521.103	-21.950.783
<b>A NETTO LIKVIDENDRING DRIFT</b>	<b>2.608.525</b>	<b>-1.390.667</b>	<b>-34.188.560</b>	<b>39.105.208</b>	<b>-33.988.018</b>	<b>15.720.143</b>	<b>46.610.108</b>
Investering i varige driftsmidlar -	-959.874	9.773.718	-18.933.114	-275.930	-240.482	-404.103	-221.610
Sal av varige driftsmidlar +	0	0	0	-	-	-	-
endring i lagsiktige verdipapir							
auke - / reduksjon +	0	0	0	-	-	-	-
<b>B NETTO LIKVIDENDRING INVESTERINGAR</b>	<b>-959.874</b>	<b>9.773.718</b>	<b>-18.933.114</b>	<b>-275.930</b>	<b>-240.482</b>	<b>-404.103</b>	<b>-221.610</b>
Endring i innskot frå finansinstitusjonar							
auke + / nedgang -	108.325	-10.038.394	50.058.216	5.115.040	-25.034.095	-25.102.858	10.158.713
Endring i innskot frå Noregs Bank auke+/nedgang-	0	0	0				
<b>C NETTO LIKVIDITETS ENDRING FINANSIERING</b>	<b>108.325</b>	<b>-10.038.394</b>	<b>50.058.216</b>	<b>5.115.040</b>	<b>-25.034.095</b>	<b>-25.102.858</b>	<b>10.158.713</b>
<b>A + B + C SUM ENDRING LIKVIDAR</b>	<b>1.756.976</b>	<b>-1.655.343</b>	<b>-3.063.457</b>	<b>43.944.317</b>	<b>-59.262.595</b>	<b>-9.786.819</b>	<b>56.547.211</b>
Likviditet beholdning 1.1.	53.361.084	54.716.427	57.779.885	13.835.568	73.098.163	82.884.981	26.337.771
Likviditet beholdning 31.12.	55.118.060	53.361.084	54.716.427	57.779.885	13.835.568	73.098.163	82.884.981
Som består av: Kasse, Noregs Bank.							

Vik Sparebank har i tillegg ein trekkrett i DNB med limit 30 mill. kroner og ein lånetilgang i Noregs Bank basert på ei avkorting av deponerte verdipapir ved årsskiftet på knappe 20 mill. kroner.

## GENERELLE REKNESKAPSPRINSIPP

## GENERELT

Banken sitt årsregnskap for 2014 er utarbeida i samsvar med regnskapslova av 1998, forskrift om årsregnskap for bankar samt god regnskapsskikk. Under einskilde notar er det inntatt ytterlegere forklaring og tilvising til postar i resultatregnskap og balanse.

## Bruk av estimat

Leiinga har brukt estimat og føresetnader som har påverka resultatregnskapet og verdsetting av eignelutar og gjeld, samt usikre eigedelar og plikter på balansedagen under utarbeidinga av rekneskapen i samsvar med god rekneskapsskikk.

## Tidsavgrensing av renter, provisjonar og gebyr

Rente, provisjonar og gebyr vert ført i resultatregnskapen etter kvart som desse blir opptente som inntekter eller kjem til som kostnader. Føretekte berekningar viser at etableringsgebyr ikkje overstig kostnadene som oppstår ved etablering av det einskilde utlån. Dei vert difor ikkje tidsavgrensa over løpetid til lånet.

## Inntektsføring/kostnadsføring

Forskotsbetalte inntekter ved slutten av året vert tidsavgrensa og ført som gjeld i balansen. Opptente, ikkje betalte inntekter ved slutten av året vert inntektsført og ført som eigedel i balansen. På engasjement der det vert gjort nedskrivningar for tap, blir renteinntekter resultatført ved bruk av effektiv rente metode. Aksjeutbytte blir inntektsført i det året de blir utbetalt. Realisert kursvinst/-tap vert resultatført ifølge FIFU-prinsippet. Det vil seie at den einskilde handel for vedkomande verdipapir vert reskontrofert og resultatført separat. Kjøp og salg av verdipapir blir bokført på oppgjerstidspunktet.



## UTLÅN – BESKRIVELSER OG DEFINISJONER

### Vurdering av utlån

Banken sine utlån er vurdert til verkeleg verdi på utbetalingstidspunktet. I etterfylgjande periodar vert utlån vurdert til amortisert kost ved bruk av effektiv rentemetode. Gebyr ved etablering av lån overstig ikkje kostnadene og vert inntektsført laupande. Utlån vurdert til amortisert kost vil derfor normalt være tilnærma lik pålydande av låna. Bustadlån overført til og formidla til Eika Boligkreditt AS (EBK) er ikkje balanseført.

### Behandling av engasjement som ikkje er misleghaldt

Banken føretek kvartalsvis vurdering av utlåns- og garantiporteføljen for både nærings- og personkundar. For engasjementa er det verdien av banken sin sikring, låntakar sin betalingsevne etc. som vert vurdert. Dersom gjennomgangen viser at tap kan påreknast, bokfører ein tapet i rekneskapen til banken som individuell nedskrivning.

### Behandling av misleghaldt engasjement

Ved misleghald vurderer ein kunden sitt samla engasjement. Låntakar sin tilbakebetalingsevne og sikring avgjer om eit tap må påreknast. Sikringa vert vurdert til antatt lågaste realisasjonsverdi på berekningstidspunktet, med frådrag for salskostnad. Dersom det føreligg objektive bevis på verdifall på fordringane til banken, vert dette ført som individuelle nedskrivingar.

### Behandling av konstaterte tap

Ved misleghald over 90 dagar, konkurs som er sett i gang, avvikling eller akkord, blir engasjementet vurdert med omsyn til sikring og betalingsevne for å få oversikt over banken sin risiko for tap. Ved objektive bevis på verdifall på engasjementet, vert engasjementet handsama normalt først som individuell nedskrivning. Engasjementet vert rekna som endelig tapt når konkurs eller akkord er stadfesta, utpanting ikkje har ført frem eller som fylje av rettskraftig dom eller inngått avtale. Berekna verdifall på engasjementet vert ført då som konstatert tap, eventuelle individuelle nedskrivingar ført til inntekt. Endeleg konstaterte tap vert fjerna frå låneporteføljen til banken og frå individuelle nedskrivingar månaden etter at alle sikringa er realisert og det er konstatert at kunden ikkje er søkegod.

### Tilbakeføring av tidlegare tapsavsette engasjement

Tilbakeføring av tidlegare tapsavsette engasjement skal skje i den utstrekning tapet er redusert og objektivt kan knytast til ei hending inntreffe etter nedskrivningstidspunktet.

### Handsaming av nedskrivingar på grupper av utlån

Nedskrivning på grupper av utlån vil seie nedskrivning utan at det einskilde tapsengasjement er identifisert. Nedskrivinga er basert på objektive bevis for verdifall i låneporteføljen til banken ut frå vurderingane til banken av risiko for manglande betalingsevne med grunnlag i berekningar med basis i erfaringstall, konjunkturedringar, bransjeanalyser og andre forhold. Andre forhold kan være verdifall på fast eigedom ved auka marknadsrenter, svikt i beteningsevna ved markert renteoppgang eller nedbemanning på større arbeidsplassar.

### Behandling av individuelle nedskrivingar på utlån

Vurdering av om det føreligg objektive bevis for verdifall skal føretakast einskildvis av alle utlån som vert vurdert som vesentlege. Utlån som er vurdert individuelt for nedskrivning og der nedskrivning er gjennomført skal ikkje verta medrekna i gruppevurdering av utlån. Banken fordeler sine utlån på PM – lån til personmarknaden og BM – lån til bedriftsmarknaden.

### Rapportering av misleghaldt låneengasjement

Rapportering av misleghalde lån skal ifølge krava til styresmaktene rapporterast slik: Dersom kunden har eitt eller fleire misleghaldne lån eller overtrekk på innskotskonto, rapporterer banken heile låneengasjementet til kunden.

## OVERTEKNE EIGENDELAR

Overtekne eigedelar vert behalde av banken inntil verdien kan realiserast ved sal. Eigedelane vert nedskrivne til vurdert salsverdi.

## FINANSIELLE INSTRUMENTER

### Finansielle derivat

Banken nyttar ikkje finansielle derivat.

Finansielle derivat skal sikra eksponeringa mot renterisiko som oppstår gjennom aktiviteten til banken. Slike avtaler kan omfatte rentebytteavtalar og aksjeindeksopsjonar, valutabytteavtalar, kombinerte rente- og valutabytteavtalar og kombinerte rente- og aksjeindeksbytteavtalar.

### Renteinstrument utanfor balansen

Resultatet av sikringsforretningar blir bokført parallelt med resultatet av den underliggende balanseposten som forretninga er inngått for. Inntekter og kostnader frå desse avtalene resultatføres netto.

### Verdipapir

Verdipapirbeholdninga vert spesifisert og verdi vurdert ved utløpet av kvar rekneskapsperiode (månadleg). Omlaups- og anleggsporføljen sin verdi vert vurdert etter ulike reglar kvar for seg.

### Obligasjonar og sertifikat

Banken har obligasjonar definert som andre omlaupsmidlar. Andre omlaupsmidlar er vurdert til den lågaste verdi av kjøps- og verkeleg verdi. Obligasjonsbeholdninga er samansett i samsvar til krav til avkastning og risiko, og er ein del av likviditetsbufferen til banken. Forvaltninga av obligasjonsporteføljen vert gjort av administrasjonen i banken, men etter råd/vurderingar saman med profesjonelle aktørar i marknaden. Banken har definert rentefonda som obligasjonar, og fondsforvaltarane vert vurderte som proffosjonelle forvaltarar. Rentefonda står også for fastsettinga av verkeleg verdi for porteføljen i rentefondet. Det vert nytta prisar notert i marknaden. Når noterte prisar ikkje føreligg vert det berekna verkeleg verdi i prisingsmodell utarbeidd av Fondsmeglernes forening.

### Aksjar og eigenkapitalbevis

1 Anleggsmidlar er vurdert til lågaste verdi prinsipp (LVP), dvs. nedskrivning ved varig verdifall.

2 Omløpsmidlar:

a) LVP, dvs. nedskrivning når verkeleg verdi er lågare enn kostpris.

b) Omløpsmidlar som inngår i handelsportefølje vert vurdert i samsvar med rekneskapslova §5-8 til verkeleg verdi.

Grunnlag for verkeleg verdi for børsnoterte aksjar som er omlaupsmidlar, er børskurs på måletidspunktet.

Grunnlag for verkeleg verdi for ikkje børsnoterte aksjar som er omlaupsmidlar eller anleggsmidlar, er kostpris. Dersom verkeleg verdi av aksjane klassifisert som anleggsmidlar fell under anskaffingskostnad, og verdifallet er vurdert ikkje å være av forbigåande karakter, vert aksjane nedskrivne. Nedskrivninga vert reversert i den utstrekning grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er tilstade.

## VARIGE DRIFTSMIDLAR OG IMMATERIELLE EIGEDELAR

### Varige driftsmidlar

Faste eigeedomar og andre varige driftsmidlar vert ført i balansen til anskaffingskost, fråtrekket akkumulerte ordinære avskrivningar og eventuelle nedskrivningar.

Ordinære avskrivningar er basert på kostpris og avskrivningane er fordelt lineært over den økonomiske levetida til driftsmidlane. Er den verkelege verdi av eit driftsmiddel vesentleg lågare enn den bokførte verdi, og verdinedgangen ikkje kan forventast å være av forbigåande karakter, vert det føreteke nedskrivningar til verkeleg verdi. Nedskrivninga vert reversert når grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er tilstade.

Banken nyttar fylgjande avskrivingssatsar:

Eigeendom	0,0-10,0 %
Maskiner og inventar	10,0-30,0 %

### Immaterielle eigedelar

Banken har f.t. ikkje balanseførte immaterielle eigedelar jfr. utsett skattefordel i balanserekneskapen med saldo 0.

### Pensjonsforplikting og pensjonskostnader

Banken sin ytingsordning ble lukka med verknad frå 1. januar 2012, og det vart i staden etablert ein

Innskotsbasert ordning som omfattar alle tilsette fødte etter 1954. Alle som hadde høve til det og som var tilsett før 1. januar 2012 gjekk over til innskotsordninga.

Banken fyljer Norsk Regnskapsstandard for pensjonskostnader. Pensjonskostnadene er gjenstand for årleg aktuarberekning. Pensjonskostnadene vert bokført under personalkostnader i resultatrekneskapet. Differanse mellom berekna og påkomne forpliktingar og verdien av pensjonsmidlane, korrigerer for avvik i estimat og effekt av endra føresetnader, vert ført i balansen enten som langsiktig gjeld (dersom negativ) eller som anleggsmiddel (dersom positiv).

Føresetnande som vert lagt til grunn for utrekning av pensjonsforpliktingane, vert revurdert årleg i førekant av årlig aktuarberekning. Differanse mellom forpliktingane ved byrjinga og slutt av eit rekneskapsår, vert ført i resultatrekneskapet.

### SKATT

Skattane vert kostnadsføret når dei er utrekna basert på det rekneskapsmessige resultat før skatt. Netto utsatt skattefordel er berekna med 27 prosent på grunnlag av midlertidige skilnader som eksisterer mellom rekneskaps- og skatterelaterte verdjar. Skatteaukande og skattereduserande midlertidige ulikskaper, som reverserer eller kan reversere i same periode, er utlikna og nettoført. Skattekostnaden i året omfattar betalbar skatt for inntektsåret og endringar i utsett skatt og utsett skattefordel. Eventuelle endringar i utsett skatt og utsett skattefordel kjem fram som skattekostnaden i året under resultatregnskapet saman med betalbar skatt for inntektsåret. Utsett skatt vert berekna på bakgrunn av ulikskap mellom rapporterte skattemessige og rekneskapsmessige resultat som vil verta utlikna i framtida. Formuesskatten vert berekna som 0,3 % av netto skattemessige formue.

Eventuell utsett skatt på meirverdjar i samband med oppkjøp av dotterselskap blir ikkje utlikna.

### OMREGNINGSREGLAR FOR VALUTA

Pengepostar i utanlandsk valuta er vurdert til kursen pr 31.12.

### LANGSIKTIG GJELD

Banken har ikkje obligasjonsgjeld, men har gjort innlån gjennom Kredittforeningen for Sparebankar (KFS), f.t. 70 mill. kroner fordelt over 3 innlån.

### KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

Kontantstraumen frå operasjonell drift av banken er definert som laupande renter frå utlåns- og innskotsverksemda mot kundar, netto inn- og utbetalingar frå utlåns- og innskotsverksemda, samt utbetalingar generert frå omkostningar knyta til ordinært virke i banken. Investeringsaktiviteter er definert som kontantstraumar frå verdipapirtransaksjonar. I tillegg tek vi med kontantstraum knyta til investeringar i driftsmidlar og eigedomar. Finansieringsaktiviteter (funding) inneheld kontantstraumar frå opptak og nedbetaling av obligasjonsgjeld og marknadsinnlån.

## NOTAR TIL ÅRSREKNESKAPEN 2014

### NOTE 1. TAPSFØRING AV ENGASJEMENT / MISLEGHALDNE LÅN

Engasjement vert definert som garantiar og utlån/kreditt, inkludert opptente, ikkje betalte renter, gebyr og provisjonar. Utlåna til banken vert vurdert til nominelle verdjar med unntak av tapsutsette og misleghaldne lån.

Misleghaldne og tapsutsette lån/kredittar vert vurderte i samsvar med reglane til Finanstilsynet.

#### Individuell nedskriving:

Individuell nedskriving er nytta for engasjement der misleghaldet ikkje er mellombels. Med grunnlag i reglar, som krev objektive kriteria for nedskriving, vert desse utlåna vurdert til amortisert kost i samsvar med reglane i utlånsforskrifta. For engasjement som ikkje er misleghaldne, men som ut frå kundane si økonomiske stilling vert vurderte som usikre, vert heile eller deler av engasjementa førte som individuell nedskriving.

#### Gruppe nedskrivingar:

Gruppe nedskrivingar er grupper av lån som har tilnærma like risikoeigenskapar med omsyn til debitor si evne til å betala ved forfall, t.d. alder, geografi, bransje osv. Nedskriving skjer på objektive kriteria.

#### Konstaterte tap/ friskmelding:

Konstaterte tap er tap på engasjement som er konstaterte ved konkurs, ved stadfesta akkord, ved utleggsforretning som ikkje har ført fram, ved rettskraftig dom eller ved at banken har gitt avkall på deler av eller heile engasjementet.

Friskmelding av engasjement, med tidlegare nedskriving, skjer når avtala betalingsplan vert følgt og engasjementet ut frå objektive kriteria ikkje lenger vert vurdert som tapsutsett. For å sikra at friskmeldinga er reell, skal det normalt gå 6 mnd. frå engasjementet er ordna til friskmelding vert gjort, samtidig som ein har forventningar om at kunden også framover vil følgja den avtalte betalingsplanen.

**Risikoklassifisering****Risikoklassifisering næringslivsengasjement :**

Kvart einskild næringsengasjement som er vurdert er gjort ut frå økonomisk kvalitet, trygd og skjønsmessig vurdering av framtida.

Risikoklassifiseringa er ein integrert del av kredittvurderingsprosessen. Systemet gjer det mogeleg med ei god overvaking av risikoen i utlånsporteføljen. Utlånsvolumet er delt i 5 risikogrupper:

Risikoklasse A Engasjement med låg risiko

Risikoklasse B Engasjement med liten risiko.

Risikoklasse C Engasjement med noko risiko. Økonomisk utvikling for kunden må følgjast nøye.

Risikoklasse D Engasjement med høg risiko. Engasjementet må følgjast nøye og eventuelt forsøkjast avvikla, dersom det ikkje er mogeleg å få engasjementet over i risikoklasse B eller A.

Risikoklasse E Stor tapsrisiko.

Risikoklassifiseringa byggjer på ei vurdering av økonomien til låntakar, deponert trygd og andre forhold med innverknad for risiko ved engasjementet.

Alle næringslivskundar med engasjement større enn kr 500.000,- vert risikoklassifiserte minst ein gang kvart år.

Ved utgangen av 2014 er 100% av næringsengasjementa, dvs. industri, handel, offentleg, lag/organisasjonar, inkl. jordbruk risikoklassifiserte.

Ved vurderinga av næringsengasjement vert følgjande lagt vekt på:

Rekneskap: 35%

Trygd: 50%

Kvalitative forhold: 15%

I samband med rekneskapsvurderinga tek ein omsyn til m.a. rentabilitet og eigenkapitalprosent.

Banken legg vekt på risiko ved prising av sine engasjement. Det er såleis normalt ein relativ samanheng mellom risikoklassifisering og prising på lån. Dei lån som har lågast rente har også tilsvarande låg risiko.

I etterfylgjande notar spesifiserer ein ikkje så mykje at einskildkundar vert offentleggjorde.

**Risikoklassifisering personmarknaden:**

Tidlegare har vi for personmarknaden nytta eit forenkla risikoklassifiseringssystem. Frå og med 2007 tok vi i bruk eit meir omfattande og detaljert system som er i samsvar med nye krav frå styresmaktene i høve risikoklassifisering.

Prising vert gjort ut frå risikovurdering av trygda. For bustad skil ein mellom lån innafor 60, 80 og 100% av forsvarleg verdigrunnlag. I tillegg har banken anna pris for lån mellom 60-80%. Fullfinansiering vert sjeldan gitt utan tilleggstrygd eller svært god betalingsevne. Tilsvarande prinsipp for prising har banken også for lån til fritidshus og bil (forbruk).

669 mill kroner dvs. over 80 % av samla utlån på 819 mill. kroner er sikra med pant innafor 80% av forsvarleg verdigrunnlag i bustad. Tilsvarande tal for dei tre føregåande åra var hhv. 80%, 77% og 75% av samla lån.

**Risikoklassifiseringsskjema (tal i mill. kr):**

RISIKOKLASSE	BRUTTO UTLÅN		GARANTIAAR		POTENSIELL EKSPONERING VED T.D. FULL TREKK AV KREDITT		INDIVIDUELL NEDSKRIVING UTLÅN + GARANTIAAR		UTLÅN FORMIDLA GJENNOM EKA BOLIGKREDITT AS	
	2014	2013	2014	2013	2014	2013	2014	2013	2014	2013
Låg	332,6	325,2	12,2	15,1	378,9	381,0	0,0	0,0	*118,6	*120,1
Normal	443,4	426,0	1,8	2,5	477,1	458,2	0,0	0,0		
Høg	40,0	38,7	1,6	3,0	53,1	50,0	0,0	1,9		
Problemengasjement	3,1	7,2	0,1	0,0	3,4	5,3	2,1	3,3		
Ikkje klassifisert	0,0	0,0	0,0	0,0	0,2	0,2	0,1	0,1		
<b>Totalt</b>	<b>819,0</b>	<b>797,1</b>	<b>15,7</b>	<b>20,6</b>	<b>912,7</b>	<b>894,7</b>	<b>2,2</b>	<b>5,3</b>	<b>*118,6</b>	<b>*120,1</b>

\* Utlånsutvikling i eigen balanse må sjåast saman med utlån formidla gjennom Eika Boligkredittd as.

Tapsnivået i personmarknaden har generelt vore låg/ubetydeleg i mange år og ein forventar ingen endring av dette så lenge rentenivået er relativt lågt og arbeidsledigheita ikkje vert massiv i det området lånet er gitt.

**Forventa tap fram i tid**

Innafor næringslivsengasjement ventar ein årlege snitttap i storleik 0,5% av den samla utlånsporteføljen til næring. For ein liten bank som Vik Sparebank med relativt få næringskundar, kan t.d. to problemengasjement i eitt og same år gjera store utslag i tapstala. Innafor risikoklassifiseringa vil framtidige tap sannsynlegvis koma for engasjement i risikoklasse D og E, dvs. dei som er nemnt med høg risiko og problemengasjement over.

**EIKA BOLIGKREDITT AS**

Vik Sparebank har inngått avtale med Eika Boligkreditt AS om formidling av lån og starta salet i 2006. Den del av lånet som ligg innafor 60% av lånetakst vert finansiert av Eika Boligkreditt AS, medan overskytande kan verta finansiert i Vik Sparebank. For dei låna som vert etablerte gjennom Eika Boligkreditt AS, stiller vi ein tapsgaranti for den del av lånet som overstig 50% av forsvarleg verdigrunnlag for pantet. I tillegg stiller banken tapsgaranti for 1% av kvart lån som er innvilga, minimum kr 25.000,- i 6 år etter etablering/rechtsvern av lånet.

Eika Boligkreditt AS (EBK) og eigarbankane inngjekk våren 2012 avtalar som regulerer kapital- og likviditetsstønadene frå eigarbankane til EBK i gitte situasjonar. Føremålet med avtalene var å betra ratinga for obligasjonane til EBK med fortrinnsrett (OMF). Likviditetsstøtte ble regulert i avtale om kjøp av OMF (NPA (Note Purchase Agreement)).

Likviditeten til EBK har heile tida etter at avtalen vart inngått vore svært god, og slik likviditetsstønad har difor ikkje vore aktuell.

Vik Sparebank har forplikta seg til kjøp av aksjar i EBK ved rebalansering og ved emisjonar i selskapet.

(tal i mill. kr)	31.12.2014	31.12.2013	31.12.2012	31.12.2011	31.12.2010
Portefølje i Eika Boligkreditt AS	kr 118,6	kr 120,1	kr 61,6	kr 28,6	kr 23,6
Garantiansvar stilt Eika Boligkreditt AS	kr 11,9	kr 13,7	kr 4,9	kr 10,0	kr 3,8
Garantiansvar "rammekreditt" *	kr 0,0	kr 0,0	kr 0,0	* kr 12,1	* kr 12,1

\* Rammeavtalen med Eika Boligkreditt as vart avslutta i april 2012.

Eigarane av Eika Gruppen AS eig Eika Boligkreditt AS. Den innskotne aksjekapitalen frå dei ulike eigarane er dimensjonert ut frå kor stort volum av utlåna som er formidla av dei ulike bankar inn i Eika Boligkreditt as.

**Utlån og garantiar fordelt etter geografi:**

Tal i mill. kr.	UTLÅN					GARANTIA					UTLÅN FORMIDLA GJENNOM EBK	
	2014	2013	2012	2011	2010	2014*	2013*	2012*	2011*	2010*	2014	2013
Oslo	43,3	44,4	53,0	64,0	61,0	11,8	13,8	4,9	22,1	16,3	15,4	12,4
Akershus	31,2	32,6	37,6	40,8	37,7	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	14,7	13,7
Bergen/Hordaland	118,4	135,5	131,1	130,7	134,8	0,4	0,9	1,8	1,5	0,7	31,7	38,0
Sogn og Fjordane	542,5	514,8	566,5	503,4	470,3	3,5	5,9	7,6	7,6	6,9	44,2	37,9
Rest Noreg	83,6	69,8	78,6	64,6	61,6	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	12,6	18,1
Sum Vik Sparebank	819,0	797,1	866,8	803,5	765,4	15,7	20,6	14,3	31,2	23,9	118,6	120,1

\* Eika Boligkreditt AS har adresse Oslo og garantiane vert difor lagt til Oslo. Dette sjølv om dei fleste lån gjennom Eika Boligkreditt AS er utbetalte til kundar i Vik og Bergensområdet.

**Utlån og garantiar fordelt etter sektor og tap:**

Tal i mill. kr.	BRUTTO UTLÅN - I EIGEN BALANSE		GARANTIA		POTENSIELL EKSPONERING VED T.D. FULL TREKK AV		INDIVIDUELL NEDSKRIVING UTLÅN +		GRUPPEVISE NEDSKRIVINGAR UTLÅN +	
	2014	2013	2014	2013	2014	2013	2014	2013	2014	2013
Personmarknad	674,1	616,9	12,2	13,9	718,8	673,1	0,1	0,1	0,0	0,0
Næringsliv	144,9	180,2	3,5	6,7	193,9	225,3	2,1	5,2	3,5	3,5
Offentleg	0,0	0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
<b>Totalt</b>	<b>819,0</b>	<b>797,1</b>	<b>15,7</b>	<b>20,6</b>	<b>912,7</b>	<b>898,4</b>	<b>2,2</b>	<b>5,3</b>	<b>3,5</b>	<b>3,5</b>

**Tapsutsette lån:**

Tal i mill. kr.	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005
Tapsutsette lån	2,4	0,1	6,2	18,6	18,0	17,7	20,3	27,9	34,3	34,6
Tapsavsetjing	1,9	0,1	3,3	4,4	4,0	3,2	4,5	7,0	7,2	6,2
<b>Netto tapsutsett</b>	<b>0,5</b>	<b>0,0</b>	<b>2,9</b>	<b>14,2</b>	<b>14,0</b>	<b>14,5</b>	<b>15,8</b>	<b>20,9</b>	<b>27,1</b>	<b>28,4</b>

Tapsutsette lån er lån som ikkje er misleghaldne, men der kunden sin økonomiske situasjon sannsynleggjer at tap kan koma på eit seinare tidspunkt.

**Mislegaldne engasjement:**

Tal i mill. kr.	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005
Mislegaldne lån	6,5	20,7	12,5	4,9	7,2	15,4	11,8	9,9	0,2	1,5
Tapsavsetjing	0,4	5,2	2,0	0,9	1,3	2,1	1,0	0,0	0,1	0,5
<b>Netto tapsutsett</b>	<b>6,1</b>	<b>15,5</b>	<b>10,5</b>	<b>4,0</b>	<b>5,9</b>	<b>13,3</b>	<b>10,8</b>	<b>9,9</b>	<b>0,1</b>	<b>1,0</b>

Eit engasjement er mislegaldne når kunden ikkje har betalt forfallede termin innan 90 dagar etter forfall, eller når overtrekt rammekreditt ikkje er ordna innan 90 dagar etter at kreditten vart overtrekt.

Tal i 1000 kr.	2014			2013		
	Utlån til og krav på kundar	Garanti-ansvar	Total	Utlån til og krav på kundar	Garanti-ansvar	Total
<b>Individuelle nedskrivningar 1.1.</b>	5.287	60	5.347	5.287	60	5.347
- Periodens konstaterte tap med tidlegare individuelle	-3.150	0	-3.150	0	0	0
+ Auka individuelle nedskrivningar i perioden	200	0	200	150	0	150
+ Nye individuelle nedskrivningar i perioden	0	0	0	0	0	0
- Tilbakeføring av individuelle nedskrivningar i perioden	-100	0	-100	-150	0	-150
<b>= Individuelle nedskrivningar 31.12.</b>	<b>2.237</b>	<b>60</b>	<b>2.297</b>	<b>5.287</b>	<b>60</b>	<b>5.347</b>

	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005
Endring i individuell nedskrivning i perioden	-3.050	0	0	-2	0	-184	-1 500	-170	4 167	1 486
Endring i gruppevis nedskrivningar i perioden	0	0	0	0	0	0	1 500	0	-8 500	0
Inntektsføring av gruppevis nedskrivningar til eigenkapital/skatt	0	0	0	0	0	0	0	0	2 500	
Konstaterte tap i perioden som det tidlegare år er avsett	3.660	0	0	7	500	4	0	14	1 767	0
Konstaterte tap i perioden som det tidlegare år ikkje er avsett	5	0	1	91	0	143	1	0	204	12
Inngått i perioden på konstaterte tapi tidlegare periodar.	0	-5	0	0	0	0	0	0	0	-29
Tapskostnad i perioden	615	-5	1	96	500	-37	1	-156	138	1 469

**NOTE 2. FINANSIELL RISIKO**

Styret har etablert tilfredsstillande tiltak for kvalitetssikring og risikostyring med fastsette rammer og styring av risikoeksponering.

Alle nye verdipapirplasseringar vert gjennomgått av styret månadsvis.

**Kredittrisiko** er knytt til banken sine utlån, garantiar og deler av verdipapira.

Denne risikoen vert ivareteken gjennom kontroll av betalingsmislegald, risikoklassifisering og rammer for risiko for handel med verdipapir. Banken har få store næringslivsengasjement, men er tyngre inne på lånesida i nokre selskap.

Våre individuelle nedskrivningar på 2,2 mill. kroner er netto redusert med 3,1 mill. kroner siste året.

Gruppenedskrivningane er uendra på 3,5 mill. kroner.

Totale tapsnedskrivningar er på 5,7 mill. kroner og utgjer 0,7% mot 1,1% og 1,0%, av brutto utlån i eigen balanse åra før.

Styret vurderer kredittrisikoen i personmarknaden som liten, men einskilde «oljeområder» i landet har opplevd ein relativt betydeleg prisnedgang etter mange år med sterk vekst. I ljøs av dette må kredittarbeidet i banken vera godt, ikkje minst når rentenivået på sikt vil gå betydeleg opp att, og prisen på bustadane skulle falla ytterlegare tilbake.

Finanstilsynet kom i 2012 med innskjerpingar kring lån til bustadføremål. I korte trekk gjekk dette ut på skjerpa krav til kunden si betjeningsevne (totale økonomiske situasjon, inkludert all gjeld og andre utgifter. Bankane skal ta høgde for ein renteauke på minst 5 prosentpoeng). I tillegg vart retningslinjene stramma inn ved at lån normalt ikkje må overstiga 85 prosent av marknadsverdien av bustaden. For flexilån er referanseverdien for forsvarleg gjeldsgrad seinka til 70 prosent.

Kredittrisikoen er akseptabel for utlån til næringslivet, der også vårt samla engasjement har gått ned. Etter styret si vurdering er avsetnadene tilstrekkelege til å dekkja kredittrisikoen. Det budsjetterte tapet ved eit svært lågt rentenivå er under 0,2% av brutto utlån mot 0,3% ved høgare/aukande rentenivå.

Kredittrisikoen for verdipapira er vurdert aukande med ein større portefølje enn tidlegare, men vi har ei samansetning med individuelle obligasjonar og plasseringar gjennom rentefond, som vi vurderer samla til framleis å vera liten.

**Renterisikoen** er moderat. Banken hadde ved årsskiftet innskot på 3 mill. kroner med fastrente med resttid til forfall i snitt 7 mnd. Lengste bindingstid for innskot på særvilkår er ein måned. Ved eventuelle endringar i rentenivået, vil banken f.t. kunna endra rentene omgåande på innskot og utlån.

Vår portefølje for obligasjonar er i overkant av 185 mill. kroner ved årsskiftet – derav 15 mill. kroner i OMF rentefond med god likviditet. Renterisikoen på enkelt verdipapir er omlag 0,2%. Dvs. ved ei renteendring på eitt prosentpoeng så vil det endra kursen/verdien med kring 80.000 kroner. Maksimal ramme for renterisiko er av styret sett til +/-1,0 mill. kroner. Styret vurderer risikoen som akseptabel.

**Valutarisikoen** er liten og knyter seg til verdiendringar på banken sin kontantbeholdning av valuta.

**Likviditetsrisikoen** er låg! Ved utgangen av 2014 var brutto utlån 86% av innskota, tala dei føregåande åra var høvesvis 90%, 105%, 92%, 96% og 95%.

Frå hausten 2014, vart det månadsvis rapportering av **LCR** (Liquidity Coverage Ratio). Rapporteringa ivaretek Finanstilsynet sitt behov for å vurdera bankane sin likviditetsbuffer. Frå 31.01.2015 skal min. 60% av dei framtidige endelege krava vera oppfylte. Vik Sparebank hadde ein LCR på 111% ved årsskiftet.

Av anna langsiktig finansiering hadde vi ved årsskiftet 70 mill. kroner, uendra siste år. Dei 70 mill. kroner er henta gjennom Kredittforeninga for Sparebankar i tre ulike innlån der to er på 20 mill. kroner med forfall i 2017 samt eitt på 30 mill. med forfall oktober 2015.

I norsk bankvesen er våre eksterne innlån svært låge, og styret ser det som uaktuelt å ytterlegare finansiera eksternt i 2015 utover nivået i dag. Dette sidan vi kan avlasta bustadlån gjennom Eika Boligkreditt AS.

Banken tilbyr fastrentetilbod for innskot og lån etter førespurnad. På slutten av 2012 lanserte Vik Sparebank eitt nytt sparetilbod "framtidskonto". Kunden pliktar å inngå spareavtale for faste summer overført til konto med samla kr 30.000 årleg inntil kr 300.000 samla. Og dette til ei god rente som frå starten har gitt 3,50%. Interessa for kontoen har vore stor.

Verdipapirbeholdninga av individuelle obligasjonar er i det alt vesentlege vurdert som lett omsetteleg, medan rentefonda er svært lett omsetteleg. Risikoen for plutselige svingingar i likviditeten er i tillegg sikra gjennom trekkrettar i Noregs Bank og i oppgjersbank Dnb.

Vi er også medeigar i selskapet Kredittforeninga for Sparebankar, som har som hovudføremål å skaffa funding til sparebankar.

### NOTE 3. GEBYR, PROVISJONAR M.V.

Gebyr og provisjon vert teke inn i resultatrekneskapen etter kvart som desse vert opptente som inntekter eller påløpte som kostnader. Etableringsgebyr overstig ikkje kostnadene ved etablering av lån.

Tal i tusen kr.	31.12.2014	31.12.2013	31.12.2012
Garantiprovisjon	85	126	82
Betalingsformidling	2.452	2.467	2.131
Forsikring	2.138	2.005	1.620
Sparing og plassering	164	137	138
Kredittformidling	746	540	118
Anna	611	600	404
<b>Sum gebyr, provisjonar m.v.</b>	<b>6.196</b>	<b>5.875</b>	<b>4.493</b>

Splittinga i inntekter og kostnader ved banktenester er gjort etter pålegg frå Finanstilsynet. Talmaterialet for denne splittinga er usikker, og tek m.a. ikkje omsyn til personal- og faste kostnader til datasentral. Dersom desse kostnadsfaktorane hadde vorte teke omsyn til i tala, ville den del som utgjer betalingsformidlinga gitt eit negativt resultat.

### NOTE 4. OPPLYSNINGAR VEDRØRANDE TILSETTE OG TILLITSVALDE (1000 kr)

Løn m.m.	2014	2013
Løn tilsette/tillitsvalde:	kr 7.519	kr 7.741
Pensjonar:	kr 759	kr 568
Sosiale kostnader:	kr 1.066	kr 1.248
Administrasjonskostnader:	kr 5.563	kr 5.967

Vik Sparebank har obligatorisk tenestepensjon for alle tilsette som stettar krava i lova.

I 2012 gjekk alle som er fødde i 1954 og seinare over til innskotsbasert pensjon, medan dei som er fødde før held fram med ytingsbasert pensjon. Sjå elles note 8.

<b>Tal årsverk pr. 31.12 og utført i året:</b>	<b>2014</b>	<b>2013</b>	<b>2012</b>	<b>2011</b>
Tal årsverk ekskl. vaktmeister og reinhald pr. 31.12:	14,4	14,7	14,0	14,2
Snitt årsverk utført i året, ekskl.. vaktmeister og reinhald :	13,0	13,8	13,7	13,3

**Løn o.l.**

Godtgjersle til tillitsvalde (inkl. tapt arb. fortjeneste)	kr	269
- av dette til styret (inkl. tapt arb. fortjeneste)	kr	206
- av dette til kontrollnemda	kr	19
- av dette til forstandskapet	kr	44
Løn og anna godtgjersle til banksjef	kr	1.120
Utgifter til pensjonspremie for banksjef	kr	53
Banksjef har ingen avtale ved særskild avgang eller bonusavtalar.		
Løn og anna godtgjersle til leiargruppa:		
PM-ansvarleg, stedfortredar banksjef	kr	679
+ utgifter til pensjonspremie	kr	25
Næringsansvarleg	kr	662
+ utgifter til pensjonspremie	kr	31
Honorar og løn til styreleiar	kr	72
Godtgjersle til revisor inkl. mva., lovpålagd	kr	165
Skatterådgiving m.m. av revisor	kr	10

**Lån og garantiar til tillitsvalde og tilsette**

Lån til, trekkrettar og garantiar overfor tilsette og tillitsvalde nemnd i finansieringslova §. 15-2:

(tal i 1000 kr)	Samla lån, trekkrett og garanti
Tilsette	8.766
Tillitsvalde (styret, kontrollkomiteen og leiar forstandskapet)	1.092

Kontrollkomiteen godkjenner trygda for engasjementa.

Lånerenta til tilsette har i heile 2014 vore høgare enn normrenta for skattelegging i arbeidsforhold, og dette har dermed ikkje medført noko rentesubsidiering av lån til tilsette. Tillitsvalde får ikkje lån med redusert rente.

Det er ikkje stilt garantiar for tilsette eller tillitsvalde.

**NOTE 5. SPESIFIKASJON AV IHENDEHAVAROBLIGASJONAR OG SERTIFIKAT**

Ihendehavarobligasjonar og sertifikat er vurderte til lågaste verdi av kostpris og marknadsverdi, mens rentefonda er vurderte til marknadsverdi. Obligasjonar vert skrivne ned i den grad det er usikkert om dei vert innfridde.

(tal i 1000 kr)	Kjøpsverdi	Verkeleg Verdi	Balansført Verdi	Del av Børsverdi	Snitt Renta 31.12
<b>Handelsportefølgje</b>	0	0	0		
<b>Øvrige obligasjonar</b>	<b>33.949</b>	<b>33.179</b>	<b>33.179</b>	100 %	4,76 %
<b>Rentefond</b>	<b>148.512</b>	<b>152.322</b>	<b>152.322</b>		
<b>Anleggsobligasjonar</b>	0	0	0		
<b>Sum</b>	<b>182.461</b>	<b>185.501</b>	<b>185.501</b>		

Snitt effektiv rente den 31.12 er eit vekta snitt av den effektive renta for dei einskilde verdipapir, basert på marknadsverdi og attverande løpetid. Banken har f.t. ikkje anleggsobligasjonar.

DEBITOR SEKTOR (tal i 1000 kr)	HANDESPORTI		ØVRIGE	
	FØLGJE	OBL.	ANLEGG OBL.	
Stats- og statsgaranterte	-	-	-	-
Kommune	-	-	-	-
Finans	-	-	-	-
Finans OMF inkl. OMF rentefond	-	20.730	-	-
Industri	-	28.173	-	-
Øvrige	-	-	-	-
Rentefond øvrige	-	136.598	-	-
<b>Sum</b>	-	<b>185.501</b>	-	-

<b>Behaldningsendringar for obligasjonar/sertifikat: (</b>	
<b>Inngående behaldning</b>	172.128
+ Tilgang i året	82.540
- Avgang i året	-68.595
- Nedskrivning 31.12.2014	-573
-/+ Nedskrivning/reversering av	0
<b>Utgåande behaldning</b>	<b>185.501</b>



**NOTE 6. SPESIFIKASJON AV AKSJAR, EIGENKAPITALBEVIS OG ANDELAR PR. 31.12.14**

Verdsettning: Kortsiktige plasseringar i aksjar er i rekneskapen vurderte til lågaste verdi av kostpris og samla marknadsvardi. Aksjar som er klassifiserte som langsiktige plasseringar er vurderte til kostpris, og vert ikkje regulerte for fortløpande kursendringar. Aksjane vert likevel skrivne ned dersom marknadsvardien er vesentleg lågare enn bokført verdi, og verdinedgangen vert vurdert av ikkje forbigåande art.

(tal i 1000 kr)	Kostpris	Verkeleg Verdi	Balanseført Verdi	Del av Børsverdi
Handelsportefølgje	-	-	-	
Øvrige omløpsmidlar	4.338	2.732	2.732	
Anleggsaksjar/-eigenkapitalbevis	21.541	17.433	17.433	
<b>Sum</b>	<b>25.879</b>	<b>20.165</b>	<b>20.165</b>	

Behaldningsendringar for aksjar, eigenkapitalbevis og andelar: (1000 kr)	
Inngående behaldning	18.094
+ Tilgang i året	2.986
- Avgang i året	-1.155
-/+ Nedskrivning/oppskriving i 2014	241
-/+ Nedskrivning/reversering frå tidlegare år	0
<b>Utgående behaldning</b>	<b>20.165</b>

Vik Sparebank selde sine 26.655 aksjar i Nets i 2014. Disse var bokført til 1,155 mill. kroner og selde med vinst 1,623 mill. kroner.

Spesifikasjon av aksjar/eigenkapitalbevis/andelar:				Balanseført verdi = Verkeleg	
(i 1000 kr) Org.n	Tal	Eigardel	Kostpris	Verdi	
Handelsportefølgje	0	0 %	0	0	
<b>Øvrige omløpsaksjar/-eigenkapitalbevis</b>					
Eltek ASA (Nera ASA)	3.130		382	36	
Voss Veksel- og Landmandsbank	1.360		52	162	
Orkla	10.000		559	512	
Norske Skogindustrier ASA	3.600		493	14	
Eigenkapitalbevis Indre Sogn Sparebank	6.650		719	470	
Eigenkapitalbevis Totens Sparebank	5.666		524	436	
Eigenkapitalbevis Skue Sparebank	5.000		788	365	
Eigenkapitalbevis Kvinesdal Sparebank	4.531		453	317	
Eigenkapitalbevis Sp.bk. Nord-Norge	704		18	28	
Eigenkapitalbevis Sparebanken Sør	2.000		350	392	
Sum øvrige omløpsaksjar/-eigenkapitalbevis før verdiregulering			4.338	2.732	
Nedskrivning av omløpsaksjar/-eigenkapitalbevis			(1.606)		
<b>Sum øvrige omløpsaksjar/-eigenkapitalbevis etter verdiregulering</b>			<b>2.732</b>	<b>2.732</b>	
<b>Anleggsaksjar/-eigenkapitalbevis:</b>					
Eiendoms kreditt AS	29.188	1 %	3.041	3.041	
Feios Bui AS	15	5 %	30	30	
Fjord Invest AS	1.015		575	137	
Fjord Invest Sørvest AS	1.000		1.200	-	
Fjorden Nærbutikk AS	23	3 %	46	12	
Fresvik Produkt AS	370		881	370	
Kredittforeningen for Sparebankar	920		948	948	
Bank-ID	35		55	55	
Nordito Proberby AS	3.227		6	6	
Petal AS	35.000		2.100	175	
Sogneprodukter AS	10	2 %	10	10	
Sparebankmaterieill AS	250		25	25	
Borgstova	20		10	10	
Eika Boligkreditt AS	1.486.138		6.161	6.161	
Eika Gruppen AS	136.397		5.343	5.343	
Vik Utvikling as *	250	50 %	1.000	1.000	
Visit Sognefjord as	2		2	2	
VISA A-aksjar	72		32	32	
VISA B-aksjar	169		76	76	
<b>Sum anleggsaksjar/-eigenkapitalbevis:</b>			<b>21.541</b>	<b>17.433</b>	
Nedskrivning anleggsmidlar			(4.108)		
<b>Sum anleggsaksjar/-eigenkapitalbevis etter verdiregulering</b>			<b>17.433</b>		

**Vik Utvikling AS \***

Vik Utvikling as vart skipa i 2011, der Vik Sparebank eig 50% og BAG Invest AS 50%. Føremålet med selskapet er etablering eller ta del i investeringar på ein forretningsmessig måte som har som føremål å styrka og gi ei positiv utvikling i heile Vik Kommune. Utviklingsselskapet har vore engasjert i ny molo/flytebrygge med byljedempar i samarbeid med Vik Båttforening. Selskapet fekk først i 2012 omsetnad og aktivitet som er av noko omfang med ein omsetnad på kroner 2,411 mill. og eit resultat på kroner 7 tusen. Omsetnaden i 2013 vart kroner 181 tusen og eit resultat på kroner 13 tusen. Førebelse tal for 2014 viser ein omsetnad på kr 142 tusen og eit resultat i balanse. Aksjekapitalen i firma er på pålydande kroner 0,5 mill. og innbetalt sum inkl. overkurs er kroner 2,0 mill.

**NOTE 7. AVSKRIVNINGAR**

	Maskiner banken	Inventar banken	Eigne lokale banken	* Gamlebanken	Utleigebygg Vikjåtunet	Tomt Vikja- Tunet+Bustad	Totalt
Nyskaffingskost 01.01.14	6.500.411	4.488.474	9.359.004	11.016.481	7.350.985	5.249.985	43.965.340
- Tidl. av- og nedskriv.	-6.189.410	-4.129.474	-5.226.004	-4.073.054	-3.603.985	0	-23.221.927
Bokført verdi 01.01.14	311.000	359.000	4.133.000	6.943.427	3.747.000	5.249.985	20.743.413
+ Tilgang i året	111.037	0	70.648	38.338	0	739.852	959.874
- Avgang i året	0	0	0	0	0	0	0
- Ord. Avskrivningar i 14	-92.037	-66.000	-188.648	0	-113.000	0	-459.685
<b>Bokført verdi 31.12.14</b>	<b>330.000</b>	<b>293.000</b>	<b>4.015.000</b>	<b>6.981.765</b>	<b>3.634.000</b>	<b>5.989.837</b>	<b>21.243.602</b>
Avskrivingsatts:	15% / 30%	20 %	4% / 10%	4% *	4% / 10%	0 %	

\* Innflyttingsklare leiligheter frå mars 2013. 10 av 14 leiligheter selde.

Vik Sparebank har to utleigebygg, der Vikjåtunet er utleigd til kontor- og butikkføremål og eit bustadhus.

**NOTE 8. PENSJONSFORPLIKTING**

Vik Sparebank har kollektiv pensjonsordning for alle tilsette gjennom Storebrand forsikring.

Ved aktuarutrekning av framtidige pensjonar, er følgjande føresetnader lagt til grunn:

I 2012 gjekk alle som er fødte 1954 og seinare over til innskotsbasert pensjon, medan dei som er fødte før held fram med ytingsbasert pensjon.

	*2014	*2013	*2012	* 2011	* 2010
Diskonteringsatts	3,00%	4,10%	4,20%	4,00%	4,20%
Forventa avkastning av midlane	3,80%	4,40%	3,60%	4,80%	5,00%
Lønnsregulering	3,25%	3,75%	3,25%	4,00%	4,00%
G-regulering/inflasjon	3,00%	3,50%	3,00%	3,75%	3,75%
Pensjonsregulering	0,10%	0,60%	0,00%	0,70%	0,90%
AFP – ordninga **					50,00%

\* Vik Sparebank har implementert oppdatert Norsk Rekneskaps Standard nr 6 Pensjonskostnader. Anbefalte økonomiske og aktuarielle føresetnader i NRS 6 er lagt til grunn ved utrekning av pensjonskostnadane.

\*\* **NY AFP- ordning frå 2010:** Avtalefesta pensjon (AFP) er ei pensjonsordning som er avtalt mellom arbeidsgivar- og arbeidstakarorganisasjonar. Staten deltek med delvis finansiering (1/3) til ordninga. Ny AFP er ein livsvarig pensjonsytning som vert utbetalt som eit påslag til alderspensjonen (ingen førtidspensjon slik den gamle ordninga er). Den einskilde tilsette tenar opp rett til AFP med 0,314 % av årlig pensjonsgivande inntekt opp til 7,1 G og fram til fylte 62 år. Opptente rettar er justert med generell lønnsvekst. Det vert opptent rettar i alle år med pensjonsgivande inntekt, uavhengig av om inntekta er opptent hjå ei bedrift som er omfatta av ordninga. Det er derimot eit vilkår at arbeidstakar på uttakstidspunktet er tilsett i ei bedrift som er omfatta av ordninga, og at arbeidstakar har vore omfatta av ordninga i 7 av dei siste 9 årene før uttak av AFP.

Vik Sparebank er med i ordninga og skal betala AFP-premie for dei tilsette i banken etter ein premiesats som er felles for slike avtalar. Premien vert innkravd av Fellesordninga (eit eige rettssubjekt oppretta av deltakande parter) som også forvaltar mottekne premieinntekter. Premiesatsen vert fastsett av styret i Fellesordninga, og utgjer ein prosentdel av lønnsutbetalingane. Premien må fastsetast slik at den er tilstrekkeleg til å dekke løpande utgifter og dessutan gje grunnlag for opplegg av eit pensjonsfond. For 2014 var premien fastsett til 2,20%, mot hhv. 2,00%, 1,75% og 1,40 % i dei tre føregåande åra.

Spesielt for resultatet til banken i 2010 utgjorde denne omlegginga ei inntektsføring på kroner 2,4 mill. som kom til uttrykk i form av ein reduksjon av pensjonskostnader.

Pensjonskostnad	KP 2014	KP 2013	KP 2012	KP 2011	KP 2010	AFP 2010	Total 2010
Noverdi av pensjonsoppteninga i året	86.216	143.047	187.175	630.025	523.157	0	523.157
Rentekostnad av påløpt pensjonsforsikring	309.971	235.019	245.424	509.221	506.779	0	506.779
Forventa avkastning på pensjonsmidlar	0	0	-277.938	-537.128	-552.681	0	-552.681
Administrasjonskostnad	0	0	104.019	89.809	0	0	0
Overgang ny AFP / innkots pensjon	0	0	562.000	0	0	-2.414.104	0
Estimatendring	21.477	-29.836	485.066	337.572	160.473	0	160.473
Resultatført del av estimatavvik	0	0	0	0	0	0	0
Pensjonskostnad i året	417.664	348.230	1.305.746	1.029.499	637.728	-2.414.104	-1.776.376
Sum	417.664	348.230	1.305.746	1.029.499	637.728	-2.414.104	-1.776.376
Innbetalt til premie og premiefond	0	0	0	0	0	0	0
Netto endring	417.664	348.230	1.305.746	1.029.499	637.728	-2.414.104	-1.776.376
<b>Pensjonsmidlar – Pensjonsforpliktning</b>							
Estimert påløpt pensjonsforpliktning	-7.402.658	-7.659.860	-5.478.106	-12.762.410	-12.226.565	-2.414.104	-14.640.669
Estimert verdi av pensjonsmidlane	7.420.000	7.790.000	5.900.000	11.140.000	10.540.000	0	10.540.000
Estimert netto pensjonsmidlar	17.342	130.140	421.894	-1.622.410	-1.686.565	-2.414.104	-4.100.669
Overgang ny AFP						2.414.104	
Ikke resultatført estimatavvik	1.536.758	1.629.107	1.294.008	4.570.787	4.935.943	0	4.935.943
Saldo 31.12	1.554.100	1.759.247	1.715.902	2.948.377	3.249.378	0	3.249.378

**NOTE 9. RESTERANDE LØPETID PÅ DIVERSE EIGNELUTAR OG GJELDSPOSTAR**

(i heile 1.000)	Inntil	Frå 3 mnd.	Frå 1 år	
Resterande løpetid --->	3 mnd.	til 1 år	til 5 år	Over 5 år
<b>Diverse eignelutar:</b>				
Innskot i og utlån til andre finansinstitusjon	117.596	1.200	1.500	0
Utlån	153.962	38.490	179.993	446.569
Obligasjonar, rentefond	152.323	5.000	20.919	7.260
<b>Diverse gjeldspostar:</b>				
Lån og innskot frå andre norske finansinstitusjonar	323	30.000	40.000	-
Innskot frå kundar	951.955	3.099	-	-

Kasse-, drifts-, brukskreditt og byggjelån o.l. er vurdert som utlån 3 - 12 mnd.

**NOTE 10. GARANTJAR OG PANTSETJINGAR:**

Tal i tusen kr.	31.12.2014	31.12.2013	31.12.2012	31.12.2011	31.12.2010
<b>Lånegarantiar</b>	-	-	-	-	-
<b>Betalingsgaranti</b>	1.640	2.862	4.179	1.604	1.614
<b>Kontraktgaranti</b>	808	2.154	3.346	5.508	4.573
<b>Andre garantiar</b>	1.424	1.852	1.893	1.989	1.832
<b>Eika Boligkreditt as (sjå også note 1)</b>	11.917	13.764	4.880	10.040	3.776
<b>Terra Boligkreditt as "rammekreditt"</b>	-	-	-	12.100	12.100
<b>Samla garantiansvar</b>	<b>15.789</b>	<b>20.632</b>	<b>14.298</b>	<b>31.241</b>	<b>23.895</b>
<b>Pantsetjing overfor Noregs Bank</b>	<b>20.730</b>	<b>20.000</b>	<b>20.000</b>	<b>60.000</b>	<b>60.000</b>

**NOTE 11. BANKENES SIKRINGSFOND**

Lov om sikringsordning for bank og offentlig administrasjon mm. av finansinstitusjon pålegg alle bankar å vera medlem av Bankenes Sikringsfond. Fondet dekkar tap på inntil 2,0 mill. kr. som innskytar har som innskot i ein bank.

Med innskot meiner ein einkvar kredit saldo i banken i samsvar med konto som lyder på namn, samt forpliktingar etter innskotsbevis til namngitt person, unntateke innskot frå andre finansinstitusjonar.

	2014	2013	2012	2011	2010
Avgift i 1000 kr	683	663	0	0	565

**NOTE 12. KAPITALDEKNING**

Den ansvarlege kapitalen består av rein kjernekapital, anna kjernekapital (hybridkapital) og tilleggskapital (ansvarleg lånekapital). Kravet til kapitaldekning er at den ansvarlege kapital skal minst utgjera 8 % av eit nærare definert berekningsgrunnlag. I tillegg må banken møte bufferkrav slik at minstekrava til rein kjernekapitaldekning no er 10 % og til kapitaldekning 13,5 %. Ved innføring av motsyklisk kapitalbuffer aukar minstekrava til høvesvis 11 % og 14,5 % frå 1. juli 2015.

Bokført verdi av eigendelspostane og omrekna verdi av postar utanom balansen, vert til ordna ein eksponeringskategori og vert gitt ein risikovekt etter den antatt kreditrisiko dei representerer.

Fordringar på og fordringar garantert av staten har ei risikovekt på 0 %.

Fordringar på kredittføretak som har utstedt obligasjonar med fortrinnsrett har ei risikovekt på 10 %.

Fordringar på og fordringar garantert av finansinstitusjonar har ei risikovekt på 20 % eller 50 % avhengig av offentlig rating. Saks- og tapsgaranti knytt til Eika Boligkreditt as er klassifisert som pantsikra eigedom med 35 % risikovekt og 100 % konverteringsfaktor.

Eigedelspostar med risikovekt 35 % er lån med pantesikring i bustad innafør 80 % av forsvarleg verdigrunnlag.

Andre eigedeler utover kontantar (0 % risikovekt) har risikovekt på 100 %.

Kapitaldekninga vart rapportert etter Basel II-reglene i 2013. Norske institusjonar må frå 1. juli 2014 rapportera i samsvar med Basel III/CRD IV. Innføringa av Basel III har medført fylande endringar for banken samanlikna med rapportering i samsvar med Basel II:

- Frådrag for ikkje vesentlege eigendelar i andre finansinstitusjonar, f.eks. i Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS skal takast i same kapitalklasse som det instrumentet ein eige. Tidligere ble frådraget fordelt 50/50 mellom rein kjernekapital og tilleggskapital.
- Utsatt skattefordel vert rapportert med 250 % risikovekt. Tidlegare måtte utsatt skattefordel som vedkjem mellombelse skilnader trekkast frå i rein kjernekapital.

- Det er innført eit nytt kapitalkrav for Credit Value Adjustment (CVA-tillegg) på derivatposisjonar.
- Risikovektning av institusjonar er nå avhengig av motparten sin offentlege rating. Tidligere vart fordringar mot institusjonar som ikkje var eigenkapitalposisjonar, gitt ei risikovekt på 20 %.
- Det er innført en ny eksponeringskategori for Eigenkapitalposisjonar. Tidligere vart eigenkapitalposisjonar rapportert etter type utstedar (f.eks. institusjonar eller føretak).
- Det er innført ein ny eksponeringskategori for fordringar med kortsiktig rating, dvs. eigen rating for krav som forfell innan 3 månader.

	2014	2013
Sparebankfondet	134.250	127.350
Gåvefondet	2.000	1.850
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>136.250</b>	<b>129.200</b>
Frådrag for overfinansiert pensjonsforplikting	-1.134	-1.759
Frådrag for immaterielle egedelar	-	-
50 % frådrag for investeringar i andre fin.inst. ansvarlege kapital	-	-
Frådrag for ansvarleg kapital i andre fin.inst.	-3.244	-1.614
<b>Sum rein kjernekapital</b>	<b>131.872</b>	<b>125.827</b>
Fondsobligasjonar	-	-
Frådrag for ansvarlig kapital i andre fin.inst.	3.244	1.614
<b>Sum kjernekapital</b>	<b>135.116</b>	<b>127.441</b>
Ansvarleg lånekapital	-	-
50 % frådrag for investeringar i andre fin.inst. ansvarlege kapital	-	-
Frådrag for ansvarleg kapital i andre fin.inst.	-	-
<b>Sum tilleggskapital</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
<b>Netto ansvarleg kapital</b>	<b>135.116</b>	<b>127.441</b>
	<b>2014</b>	<b>2013</b>
<b>Eksponeeringskategori (berekningsgrunnlag etter risikovekt)</b>		
Statar	-	-
Lokale og regionale styresmakter	-	-
Offentleg eigde føretak	-	-
Institusjonar	14.826	17.925
Føretak	97.356	175.650
Massemarknad	-	-
Pantsikring eigedom	293.263	306.400
Forfalte engasjement	10.341	21.050
Obligasjonar med fortrinnsrett (OMF)	2.073	2.000
Krav på institusjonar og føretak med kortsiktig rating	-	-
Andelar i verdipapirfond	123.518	-
Eigenkapitalposisjonar	23.700	-
Øvrige engasjement	45.881	62.913
CVA-tillegg	-	-
Gruppenedskrivningar	-	-
Ansvarleg kapital i andre finansinst.	-	-
<b>Sum berekningsgrunnlag for kredittrisiko</b>	<b>610.958</b>	<b>585.938</b>
Berekningsgrunnlag for operasjonell risiko	51.124	45.288
<b>Sum berekningsgrunnlag</b>	<b>662.082</b>	<b>631.225</b>
<b>Kapitaldekning i %</b>	<b>20,41 %</b>	<b>20,19 %</b>
<b>Kjernekapitaldekning</b>	<b>20,41 %</b>	<b>20,19 %</b>
<b>Rein kjernekapitaldekning i %</b>	<b>19,92 %</b>	<b>19,93 %</b>

NOTE 13 SKATT	2014	2013	2012	2011	2010
<b>Resultat før skattekostnad</b>	10.277.364	10.786.552	6.449.533	7.236.835	11.216.086
Aksjevinst/regulering	-1.423.114	1.225.954	1.385.500	0	-1.214.884
Utbytte	-1.213.808	-1.173.672	-242.890	-957.209	-921.188
3% av utbytte	36.414	35.210	7.598	28.716	64.082
Kursvinst	-441.953	-261.114	-10.385	1.835.644	0
Kostnad som ikkje gir rett til frådrag	2.644	0	10.000	30.000	55.000
<b>Endring mellombelse skilnader:</b>					
Kursregulering av aksjar/fond	0	0	0	0	368.725
Kursregulering av obligasjonar	0	0	0	0	0
Endring pensjonsforpliktingar	205.147	-43.345	1.232.475	301.001	-2.859.627
Endring driftsmidlar	-166.388	-685.277	-256.616	-374.019	-469.864
Skattegrunnlaget for rekneskapsåret	7.276.307	9.884.308	8.575.215	8.100.968	6.738.331
27 % skatt	1.964.603	2.767.606	2.401.060	2.268.271	1.886.733
Formueskatt	399.306	361.371	346.172	372.423	368.313
<b>Berekna betalbar skatt</b>	<b>2.363.909</b>	<b>3.128.977</b>	<b>2.747.232</b>	<b>2.640.695</b>	<b>2.255.046</b>
<b>Mellombelse skilnader pr. 31.12. knytte til:</b>					
Nedskriving av obligasjonar/aksjar/fond	0	0	0	0	0
Pensjonsforplikting (overfinansiering)	1.554.100	1.759.247	1.715.902	2.948.377	3.249.378
Driftsmidlar	-539.450	-742.925	-1.428.202	-1.684.818	-2.058.837
<b>Grunnlag utsett skatt</b>	<b>1.014.650</b>	<b>1.016.322</b>	<b>287.700</b>	<b>1.263.559</b>	<b>1.190.541</b>
27% utsett skatt	273.956	274.407	80.556	353.797	333.351
<b>Skattekostnad i resultatrekneskapen:</b>					
Endring utsett skatt	-451	193.851	-273.241	20.445	792.257
Betaleleg skatt	2.363.909	3.128.977	2.747.232	2.640.695	2.255.046
Skatt avsett førre år (+ for lite / - for mykje)	13.907	13.724	-24.459	-24.305	-31.217
<b>Skatt i resultatrekneskapen</b>	<b>2.377.364</b>	<b>3.336.552</b>	<b>2.449.533</b>	<b>2.636.835</b>	<b>3.016.086</b>

**NOTE 14. GJELD TIL KREDITTINSTITUSJONAR OG KUNDAR**

Ved årsskiftet hadde vi opplåning i Kredittforeningen for Sparebankar (KFS) med til saman 70 mill. kroner, innlån gjort i 2013 og 2014.:  
 KFS frå 01.10.13- 01.10.15 kr 30 mill. vilkår basert på 3 mnd. Nibor.  
 KFS frå 01.06.14- 18.04.17 kr 20 mill. vilkår basert på 3 mnd. Nibor.  
 KFS frå 01.10.14- 01.10.17 kr 20 mill. vilkår basert på 3 mnd. Nibor.  
 Snitt sats for desse pr. 31.12.14 var 2,25%.

Det vart innløyst 40 mill. kroner i KFS og opplånt 40 mill. kroner i KFS i 2014.

Holberg OMF og OMF i Sparebanken ØST ligg som sikring i høve Noregs Bank på kr 20.730.000.

Lengste bindingstid for innskot til kundar på særvilkår er 31 dagar. Banken har f.t. om lag 3 mill. kroner av samla innskot som fastrente. Banken hadde innskot frå kundar i snitt for 2014 på 915 mill. kroner til 2,25% i snittrenta mot 846 mill. kroner til ei snittrenta på 2,31% året før.

**NOTE 15. ENDRING I EIGENKAPITALEN**

	Sparebank-fondet	Gåvefondet
Saldo 1.1.14	127.350.000	1.850.000
+ frå resultatet 2014 til sparebank- og gåvefondet	6.900.000	150.000
Saldo 31.12.14	134.250.000	2.000.000



Deloitte AS  
Strandavegen 15  
NO-6900 Florø  
Norway

Tlf.: +47 57 75 25 25  
Faks: +47 57 75 25 26  
www.deloitte.no

Til Forstanderskapet i Vik Sparebank

## MELDING FRÅ REVISOR

### Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Vik Sparebank som viser eit overskot på kr 7.900.000,-. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2014, og resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne dato, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

#### *Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvise bilete i samsvar med rekneskapslova sine regler og god rekneskapskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleg framferd eller feil.

#### *Revisors oppgåver og plikter*

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvise bilete. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

#### *Konklusjon*

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvise bilete av den finansielle stillinga til Vik Sparebank per 31. desember 2014 og av resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato i samsvar med rekneskapslova sine regler og god rekneskapskikk i Noreg.



side 2  
Melding frå revisor til Forstandskapet i  
Vik Sparebank

#### Utsegn om andre tilhøve

##### *Konklusjon om årsmeldinga og om utgreiing om samfunnsansvar*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og i utgreiing om samfunnsansvar, føresetnaden om at drifta skal halde fram og at framlegget om bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

##### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Sogndal, 11. februar 2015  
Deloitte AS

Rune Norstrand Olsen  
statsautorisert revisor

**ÅRSMELDING FRÅ KONTROLLKOMITÉEN I VIK SPAREBANK FOR 2014**

Kontrollkomitéen har i 2014 halde 3 møte.

Det har vore ført tilsyn med at banken si verksemd er utført i samsvar med sparebanklova, banken sine vedtekter, forstandarskapet sine vedtak og elles forskrifter banken er pålagd å retta seg etter.

Styreprotokollen, overtrekkslister og større engasjement er gjennomgått, og elles er det føreteke dei kontrollar som sparebanklova og instruks for kontrollkomitéen tilseier.

Kontrollkomitéen har gått gjennom årsmeldinga frå styret, rekneskap, balanse, notar og revisjonsmelding.

Det vert tilrådd at den framlagde årsrekneskapen vert godkjent som banken sin rekneskap for 2014.

Vik i Sogn, den 12.02.2015

  
Per Smidje  
- leiar -

  
Ragnhild Årestrup Larsen  
- nestleiar -

  
Else Lilleøren



# Kva er det viktigaste i livet ditt?

Det er dei viktigaste tinga i livet ditt du vil forsikre. Kva som er viktig for deg kan forandre seg med tida, i dei ulike fasane i livet.

Vårt nye forsikringsverktøy kan hjelpe deg å finne gode løysingar for det som er viktigast for deg.



Det er dei viktigaste tinga i livet du vil forsikre

Det som er viktig for deg i dag, er mest sannsynleg det du vil skape trygghet for at det fortsatt er der i morgon.

## Er du rett forsikra?

Ein god måte for å finne ut om du er rett forsikra, er å ta ein prat rundt dine behov og løysingar i dag, og sjå på kva endringar du må, bør eller kan vurdere. Ein rådgjevar veit òg at forsikring kan vere komplisert og overveldande detaljert. Dette har vi som lokalbank tenkt på.

Vi har laga eit verktøy som enklare gjev deg oversikt over forsikringar du må, bør og kan ha, og ein faktaoversikt rundt enkeltforsikringar som kan vere nyttig for deg å kjenne til.

Test gjerne verktøyet "[Er du riktig forsikra?](#)" og oversikten "[Visste du dette om forsikring?](#)" som du finn på heimesida vår.

Vil du ta ein forsikringsprat no? [Ta kontakt med din rådgjevar i Vik Sparebank.](#)